| | |
|---|---|
| Tittel | Opplæringslova |
| Status | Gjeldende |
| Trådt i kraft | 27-11-1998 |
| Type | Lov |
| Utgitt | 17-07-1998 |
| Utgiver | Kunnskapsdepartementet |
| Skrevet ut av | geir johansen |
| Dato | 20-01-2017 |

# Opplæringslova[1]

[1] Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) Dato: Lov 17. juli 1998 nr. 61 Departement: KD (Kunnskapsdepartementet) Ikrafttredelse: 1998-11-27, 1999-08-01, skoleåret 1999/2000 Sist endret: Lov 17. juni 2016 nr. 65 (01.08.2016). Sist endret: Lov 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016). Endrer: Korttittel: Opplæringslova - oppll. Endringslover: LOV-2016-06-17-67 Friare skoleval over fylkesgrenser, praksisbrevordning: §§ 1-3, 2-1, 3-1, 3-2, 3-3, 3-4, ny 3-4a, 3-13, 4-1, 4-2, 4-3, 4-4, 4-5, 4-6, 4-7, 4-8, 4A-1, 4A-4, 9-5, 13-3 og 15-2. LOV-2016-06-17-65 Spesialpedagogisk hjelp, kortere ventetid for barnehageplass: §§ 2-6, 5-3, 5-7 oppheves, 7-6 oppheves, 13-1, 13-2, 13-3a, 13-4 og 15-2. LOV-2015-06-19-76 Endringslov til opplæringslova og privatskolelova (krav om relevant kompetanse i undervisningsfag m.m.): §§ 2-3, 2-4, 2-12, 10-2, 13-2, ny 15-6. LOV-2015-06-19-75 Endringslov til privatskolelova mv.(nytt navn på loven, nye godkjenningsgrunnlag m.m.): § 1-2. LOV-2015-04-24-23: Endringslov til opplæringslova og privatskolelova (skolebyte i mobbesaker). § 8-1 LOV-2014-06-20-54: Lov om endringer i opplæringslova, privatskolelova og folkehøyskoleloven (leksehjelp m.m.). §§ 2-12, 3-1, 4A-1, 4A-3, 5-5, 13-1, ny 13-2a, 13-5 (opphevd), 13-7a. LOV-2013-06-21-98: Lov om endringer i opplæringslova og privatskolelova (spesialundervisning m.m.) Følgende ble/blir endret: oppll § 5-4, § 5-5, § 8-1, ny § 8-3, § 9a-7, ny § 9a-8, ny § 10-11, § 13-10, ny § 15-5. Privatskolelova ny § 3-6a, ny § 4-5. LOV 2012-06-22 nr 53: Lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova (undervisningskompetanse m.m.) §§ 2-12, 5-5, 10-1, 10-2, 10-6, ny 10-6a LOV 2011-06-24 nr 37: Lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova (politiattest m.m.) LOV 2010-06-25 nr 49: Lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova (leksehjelp m.m.) LOV 2009-06-19 nr 95: Lov om voksenopplæring (voksenopplæringsloven) LOV 2009-06-19 nr 94: Lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova LOV 2009-06-19 nr 74: Lov om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 mv. (siste delproposisjon - sluttføring av spesiell del og tilpasning av annen lovgivning) LOV 2009-06-19 nr 103: Lov om tjenestevirksomhet (tjenesteloven) LOV 2009-01-09 nr 04: Lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv. (gjennomføring av forvaltningsreformen) LOV 2008-12-19 nr 118: Lov om endringer i opplæringslova LOV 2008-06-27 nr 70: Lov om endringar i opplæringslova LOV 2008-06-20 nr 48: Lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova LOV 2007-12-14 nr 115: Lov om endringer i opplæringslova LOV 2007-06-29 nr 91: Lov om endringar i opplæringslova og friskolelova LOV 2006-06-30 nr 57: Lov om endringar i opplæringslova. LOV 2006-06-16 nr 20: Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen (arbeids- og velferdsforvaltningsloven). LOV 2005-06-17 nr 62: Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven). LOV 2005-06-17 nr 106: Lov om endringar i opplæringslova og friskolelova. LOV 2005-06-17 nr 105: Lov om endringar i opplæringslova og friskolelova. LOV 2004-07-02 nr 69: Lov om endringar i opplæringslova og friskolelova. LOV 2004-01-16 nr 06: Lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). LOV 2003-07-04 nr 84: Lov om frittståande skolar (friskolelova). LOV 2003-06-27 nr 69: Lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). LOV 2003-05-09 nr 29: Lov om endringer i lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester (barnevernloven) og lov 19. juni 1997 nr. 62 om familievernkontorer (familievernkontorloven) mv. LOV 2003-03-14 nr 17: Lov om endring i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). LOV 2003-01-31 nr 10: Lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). LOV 2002-12-20 nr 112: Lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. LOV 2002-04-12 nr 10: Lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). LOV 2000-06-30 nr 63: Lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m. §1-1, §1-2, §2-5, §2-14, §3-1, §3-2, §3-3, §3-4, §3-10, §4-1, §4-2, §4-3, §4-4, §4-5, §4-6, §4-7, §4A-1 - §4A-11, §5-2, §7-5, §8-1, §9-4, §12-1, §12-2, §12-3, §12-4, §13-3, §13-5, §15-2, LOV 1999-12-17 nr 97: Lov om endringer i lov av 4. februar 1977 nr. 4 om arbeidervern og arbeidsmiljø m.v. §16-4 oppheves LOV 1999-09-17 nr 74: Lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). §1-1, §2-3, §2-6, §3-3, §3-4, §3-9, §10-3 LOV 1999-04-16 nr 18: Lov om endringer i lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) m.m. §11-1, §11-5 LOV 1998-07-17 nr 61: Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).

# Kapitel 1 Formål, verkeområde og tilpassa opplæring m.m.[2]

## § 1-1 Formålet med opplæringa[3][4]

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

## § 1-2. Verkeområdet for lova[5]

Lova gjeld grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring i offentlege skolar og lærebedrifter dersom ikkje noko anna er særskilt fastsett.

Lova gjeld også for grunnskoleopplæring i private grunnskolar som ikkje får statstilskott etter friskolelova, og for privat heimeopplæring i grunnskolen.

For opplæring som er spesielt organisert for vaksne, og som kommunen eller fylkeskommunen har ansvaret for, gjeld kapittel 4A.

Etter søknad frå fylkeskommunen kan departementet gi løyve til at fylkeskommunen kan stå ansvarleg for vidaregåande opplæring i utlandet som har som formål at elevane skal få norsk vitnemål ved fullført og bestått opplæring. Opplæringslova gjeld for opplæringa. Så langt det er forsvarleg og nødvendig, kan departementet likevel gjere unntak frå føresegner i lova og forskrifter til lova. Departementet kan endre vilkåra når tilhøva tilseier det, og kan om nødvendig også kalle tilbake det løyvet som er gitt.

## § 1-3. Tilpassa opplæring og tidleg innsats[6]

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten.

---

[2] Tittel endret ved lov 27.juni 2008 nr. 70 (i kraft 1. august 2008)

[3] Endra med lover 17. sept. 1999 nr. 74 (i kraft 17. sept. 1999, etter res. 17. sept. 1999 nr. 1011), 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 645), 4. juli 2003 nr. 84 (i kraft 1. okt. 2003), 19. desember 2008 nr. 118 (i kraft 01.01.2009).

[4] Sml. lov 20 juni 2003 nr 56 § 1 (2)

[5] Endra med lover 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645), 20. juni 2008 nr. 48 (i kraft 1. august 2008), 19. desember 2008 nr. 118 (i kraft 2009), 24. juni 2011 nr.37 (i kraft 01.08.2011), 19. juni 2015 nr. 75 (i kraft 01.08.2015).

[6] Føyd til med lov 20 juni 2008 nr. 48 (i kraft 1 aug 2008, etter res. 20 juni 2008 nr. 621), tidlegare § 1-3

På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørgje for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.

### § 1-4. Forsøksverksemd

Departementet kan etter søknad frå kommunen eller fylkeskommunen gi løyve til at det blir gjort avvik frå lova og forskriftene etter lova i samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk.

### § 1-5 Forskrifter[7]

Kongen i statsråd kan gi forskrifter for å fylle ut dei overordna måla og prinsippa for opplæringa.

## Kapitel 2 Grunnskolen

### § 2-1. Rett og plikt til grunnskoleopplæring[8]

Barn og unge har plikt til grunnskoleopplæring, og rett til ein offentleg grunnskoleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikten kan ivaretakast gjennom offentleg grunnskoleopplæring eller gjennom anna, tilsvarande opplæring.

Retten til grunnskoleopplæring gjeld når det er sannsynleg at barnet skal vere i Noreg i meir enn tre månader. Plikta til grunnskoleopplæring byrjar når opphaldet har vart i tre månader. Plikta fell bort dersom eit opphald utanfor Noreg varer i meir enn tre månader. Departementet kan i særlege tilfelle frita elevar frå denne plikta.

Grunnskoleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år. Dersom det etter sakkunnig vurdering er tvil om barnet er komme tilstrekkeleg langt i utviklinga si til å starte i skolen, har barnet rett til å utsetje skolestarten eitt år dersom foreldra krev det. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykke frå foreldra kan kommunen i særlege tilfelle vedta å utsetje skolestarten eitt år. Dersom foreldra søkjer om det eller samtykkjer, kan kommunen etter sakkynnig vurdering la eit barn ta til på skolen eitt år før når det innan 1. april har fylt 5 år.

Retten og plikta til opplæring varer til eleven har fullført det tiande skoleåret. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykkje frå foreldra kan kommunen heilt eller delvis vedta å frita ein elev for opplæringsplikta dersom omsynet til eleven tilseier det.

Dersom ein elev utan å ha rett til det har fråvære frå den pliktige opplæringa, kan foreldra eller andre som har omsorg for eleven, straffast med bøter dersom fråværet kjem av at dei har handla forsettleg eller aktlaust. Offentleg påtale blir ikkje reist utan når kommunen set fram krav om slik påtale.

### § 2-2. Omfanget av grunnskoleopplæringa i tid

Departementet gir forskrifter om samla tid til opplæring i grunnskolen.

Kommunen kan gi forskrifter om undervisningstid ut over timerammene i forskriftene etter første leddet. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skoleåret.

---

vart ny § 1-5. Endra med lover 19. juni 2009 nr. 94 (i kraft 01.08.2009 ), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

[7] Endra med lov 20 juni 2008 nr. 48 (i kraft 1 aug 2008, etter res. 20 juni 2008 nr. 621), endra paragraftal frå § 1-3

[8] Endra med lover 31. jan. 2003 nr. 10, 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

Kommunen gir forskrifter om skole- og feriedagar i skoleåret for elevane. Forskrifta skal vere tilpassa avviklinga av nasjonale prøver. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Departementet kan gi forskrifter om rammer for dagleg skoletid og om pausar for elevane.

## § 2-3 Innhald og vurdering i grunnskoleopplæringa[9]

Grunnskoleopplæringa skal omfatte kristendom, religion, livssyn og etikk, norsk, matematikk, framandspråk, kroppsøving, kunnskap om heimen, samfunnet og naturen, og estetisk, praktisk og sosial opplæring. Ein del av undervisningstida etter § 2-2 kan brukast til fag og aktivitetar som skolen og elevane vel, til leirskoleopplæring og til opplæring på andre skolar eller på ein arbeidsplass utanfor skolen. Kommunane avgjer sjølv korleis timar ut over minstetimetalet gitt i forskrifter etter § 2-2 skal brukast.

Grunnskolen er delt i eit barnetrinn og eit ungdomstrinn. Barnetrinnet omfattar 1-7. årstrinn og ungdomstrinnet omfattar 8-10. årstrinn.

Departementet gir forskrifter om fag, om mål for opplæringa, om omfanget av opplæringa i faga og om gjennomføringa av opplæringa. Departementet gir forskrifter om aktivitetar som ikkje er opplæring i fag. Departementet gir forskrifter om vurdering av elevar og privatistar og om klage på vurderinga, om eksamen og om dokumentasjon.

Elevane skal vere aktivt med i opplæringa. Undervisningspersonalet skal tilretteleggje og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her. Rektor skal organisere skolen i samsvar med første leddet og forskrifter etter tredje leddet og i samsvar med § 1-1 og forskrifter etter § 1-5.

Etter søknad frå kommunen kan departementet gi ein skole løyve til avvik frå første leddet og frå forskrifter om læreplanar dersom kravet til opplæringa samla ikkje blir mindre. Før slikt løyve blir gitt, må det liggje føre fråsegn frå samarbeidsutvalet.

## § 2-3a Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa[10]

Skolen skal vise respekt for elevane og foreldra sine religiøse og filosofiske overtydingar og sikre retten til likeverdig opplæring.

Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum.

Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen. Dersom skolen på eit slikt grunnlag ikkje godtek ei melding om fritak, må skolen behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Skolen skal ved melding om fritak sjå til at fritaket blir gjennomført, og leggje til rette for tilpassa opplæring innanfor læreplanen.

Skoleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa.

Elevar som har fylt 15 år, gir sjølv skriftleg melding som nemnt i første ledd.

---

[9] Endra med lover 17. sept. 1999 nr. 74 (i kraft 17. sept. 1999, etter res. 17. sept. 1999 nr. 1011), 12. april 2002 nr. 10 (i kraft 1. aug. 2002, etter res. 12. april 2002 nr. 349), 17. juni 2005 nr. 105 ( i kraft 17. juni 2005, etter res. 17 juni 2005), 27. juni 2008 nr. 70 (i kraft 1. august 2008), 19. desember 208 nr. 118 (i kraft 01.01.2009). 19. juni 2009 nr. 94 (i kraft 01.08.2009 ), 19. juni 2015 nr. 76 (i kraft 01.08.2015).

[10] Føyd til ved lov 17. juni 2005 nr. 106 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 661). Endret ved lov 27. juni 2008 nr. 70 (i kraft 1. august 2008).

## § 2-4. Undervisninga i faget kristendom, religion, livssyn og etikk[11]

Kristendom, religion, livssyn og etikk er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Undervisninga i kristendom, religion, livssyn og etikk skal gi kjennskap til kristendommen, andre verdsreligionar og livssyn, kjennskap til kva kristendommen har å seie som kulturarv og til etiske og filosofiske emne.

Undervisninga i kristendom, religion, livssyn og etikk skal bidra til forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik oppfatning av trudoms- og livssynsspørsmål.

Undervisninga i kristendom, religion, livssyn og etikk skal presentere ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.

## § 2-5 Målformer i grunnskolen[12]

Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke.

I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skoleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar.

Foreldra vel målform i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.

Når minst ti elevar på eitt av årstrinna 1-7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøre ei eiga elevgruppe. Retten gjeld så lenge det er minst seks elevar igjen i denne gruppa. Når elevane er spreidde på fleire skolar i kommunen, vedtek foreldra med vanleg fleirtal kva skole tilbodet skal givast ved.

Elevar som blir overførte til ein ny skole med eit anna hovudmål enn det dei har hatt på årstrinna 1-4, har framleis rett til skriftleg opplæring på det opphavlege hovudmålet. Dei har rett til norskundervisning i eiga gruppe, uavhengig av kor mange dei er.

Dei to siste åra i grunnskolen skal elevane ha opplæring i begge målformer. Departementet kan gi forskrifter om fritak frå opplæring i sidemålet for elevar som får særleg språkopplæring.

I samband med skifte av hovudmål eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst 1/4 av dei røysteføre krev det, skal det haldast rådgjevande røysting. Røysterett har alle som bur i det området i kommunen som soknar til skolen, jf. § 8-1, og som har røysterett etter *valgloven § 2-2* . Røysterett i høve til skriftleg opplæring har dessutan foreldre *eller* forsytar til barn på barnesteget ved skolen, utan omsyn til bustad eller statsborgarskap. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

## § 2-6. Teiknspråkopplæring[13]

Elevar som har teiknspråk som førstespråk eller som etter sakkunnig vurdering har behov for slik opplæring, har rett til grunnskoleopplæring i og på teiknspråk. Omfanget av opplæringa i tid og innhaldet i opplæringa fastsetjast i forskrifter etter § 2-2 og § 2-3 i denne lova.

---

[11] Endra med lover 12. april 2002 nr. 10 (i kraft 1. aug. 2002, etter res. 12. april 2002 nr. 349), 17. juni 2005 nr. 106 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 661), 27. juni 2008 nr. 70 (i kraft 1. august 2008), 19. juni 2015 nr. 76 (i kraft 01.08.2015).

[12] Endra med lover 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 645), 27. juni 2003 nr. 69 (i kraft 1. aug. 2003 etter res. 27. juni 2003 nr. 774), 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660), 20. juni 2008 nr. 48 (i kraft 1. august 2008).

[13] Endra med lover 17. sept. 1999 nr. 74 (i kraft 17. sept. 1999, etter res. 17. sept. 1999 nr. 1011), 20. juni 2008 nr. 48 (i kraft 1. august 2008), 17. juni 2016 nr. 65 (01.08.2016).

Kommunen kan bestemme at opplæringa i og på teiknspråk skal givast på ein annan stad enn den skolen eleven soknar til.

Før kommunen gjer vedtak etter første ledd, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering.

## § 2-7 Finskopplæring for elevar med kvensk-finsk bakgrunn[14]

Når minst tre elevar med kvensk-finsk bakgrunn ved grunnskolar i Troms og Finnmark krev det, har elevane rett til opplæring i finsk. Omfanget av opplæringa i tid og innhaldet i opplæringa fastsetjast i forskrifter etter § 2-2 og § 2-3 i denne lova. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv om dei vil ha opplæring i finsk.

Departementet kan gi forskrifter om alternative former for opplæring etter første leddet når opplæringa ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale på skolen.

## § 2-8 Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar[15][16]

Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved.

Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette leddet krev samtykkje frå elev eller føresette.

## § 2-9 Ordensreglement og liknande

Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast.

Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

[14] Endra med lov 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17.juni 2005 nr. 660).
[15] Endra med lover 4. juli 2003 nr. 84 (i kraft 1. okt. 2003), 2. juli 2004 nr. 69 (i kraft 1. september 2004, etter res. 2 juli 2004 nr. 1064). 19. juni 2009 nr. 94 (i kraft 01.08.2009 ), 22. juni 2012 nr. 53 (i kraft 01.08.2012 iflg res 22.06.2012 nr. 582)
[16] 22.06.2012 nr. 53 (i kraft 01.08.2012 iflg res 22.06.2012 nr 582)

## § 2-10 Bortvising[17][18]

Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar på årstrinna 8-10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, og at elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen.

Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.

## § 2-11 Permisjon frå den pliktige opplæringa

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

## § 2-12. Private grunnskolar[19]

Private grunnskolar må ha godkjenning av departementet. Det skal givast godkjenning når skolen oppfyller krava i andre og tredje leddet. Den som driv privat grunnskole utan godkjenning, kan straffast med bøter.

§§ 1-1, 1-3, 2-3, 2-3 a og 2-4 i lova med forskrifter gjeld for innhaldet og for vurdering i privat grunnskole så langt reglane ikkje kjem i strid med Noregs folkerettslege plikter.

For private grunnskolar gjeld også §§ 2-2, 2-5 første, andre, tredje og sjette ledd, 2-9, 2-10, 2-11, 8-2, 9-1, 9-2, 9-3, 9-4, 9-5, 9-6, kapittel 9a, §§ 10-1, 10-2, 10-6, 10-6a, 10-9, 11-1, 11-2, 11-3,1 11-4, 11-7, 11-10, 13-3b, 13-7a, 13-10, 14-1, 14-4, 15-3 og 15-4.

Departementet kan gjere unntak frå krava i andre og tredje leddet for utanlandske og internasjonale grunnskolar i Noreg.

Departementet kan gi forskrift om sakshandsamingsreglar til utfylling av reglane i tjenesteloven om godkjenning av private grunnskolar etter føresegna her, medrekna sakshandsamingsfrist og rettsverknader av fristoverskriding. Unntak frå tjenesteloven § 11 annet ledd kan berre gjerast når det er grunngitt med tvingande allmenne omsyn, medrekna omsynet til barn og unge under opplæring. Sakshandsamingsreglane kan vike av frå reglane i forvaltningslova.

---

[17] Endra med lov 17 juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660).25.06.2010 nr 49 ( i kraft 01.08.2010)

[18] Se også eksempelsaken "Bortvisning av elev" - Vedtaksbrev under kapitlet Eksempelsamling

[19] Endra med lover 20. des. 2002 nr. 112 (i kraft 1. april 2003, etter res. 20. des. 2002 nr. 1735), 27. juni 2003 nr. 69 (i kraft 1. aug. 2003 etter res. 27. juni 2003 nr. 774) 17 juni 2005 nr. 106 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 661). § 11-3 er opphevd med lov 27 juni 2003 nr. 69, § 2-12 tredje ledd er endra ved lov 29. juni 2007 nr. 91 (I kraft 1. august 2007, etter res. 29. juni 2007 nr. 758).), 19. desember 2008 nr. 118 (i kraft 01.01.2009). 19. juni 2009 nr. 103 (i kraft 01.01.2010)25. juni 2010 nr. 49 ( i kraft 01.8.2010), 22. juni 2013 nr. 53 (i kraft 01.01.2014), 20. juni 2014 nr. 54 (i kraft 01.08.2014), 19. juni 2015 nr. 76 (i kraft 01.08.2015).

## § 2-13. Bruk av lova for privat opplæring i heimen[20]

§§ 1-1, 1-3, 2-3 og 2-4 i lova med forskrifter gjeld for innhaldet i privat grunnskoleopplæring i heimen så langt reglane ikkje kjem i strid med Noregs folkerettslege plikter.

## § 2-14. Punktskriftopplæring m.m.[21]

Sterkt svaksynte og blinde elevar har rett til nødvendig opplæring i punktskrift og opplæring i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel. Elevane har også rett til nødvendig opplæring i å ta seg fram på skolen, til og frå skolen og i heimemiljøet. Omfanget av opplæringa i tid og innhaldet i opplæringa blir fastsett i forskrift etter § 2-2 og § 2-3 i denne lova. Før det blir gjort vedtak om slik opplæring, skal det liggje føre sakkunnig vurdering.

## § 2-15 Rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring[22]

Elevane har rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskoleopplæringa.

## § 2-16 Opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)[23]

Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa.

Når ein elev ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har eleven rett til spesialundervisning etter reglane i kapittel 5. Dette inkluderer nødvendig opplæring i å bruke alternativ og supplerande kommunikasjon

# Kapitel 3 Vidaregåande opplæring[24]

## § 3-1 Rett til vidaregåande opplæring for ungdom[25]

Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. I fag der læreplanen føreset lengre opplæringstid enn tre år, har ungdommen rett til opplæring i samsvar med den opplæringstida som er fastsett i læreplanen. Ungdom som har fylt 15 år, søkjer sjølv om inntak til den vidaregåande opplæringa.

Elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar har rett til opplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter.

Heile retten må normalt takast ut i løpet av ein sammanhengande periode på fem år, eller seks år når opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift, og innan utgangen av det året vedkommande fyller 24 år. Fylkeskommunen kan etter søknad gi eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten løyve til utsetjing eller avbrot i opplæringa utan at

---

[20] Endret ved lov 19. desember 2008 nr. 118 (i kraft 01.01.2009).
[21] Føyd til med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645).
[22] Tilføyd ved lov 31. jan. 2003 nr. 10.
[23] Tilføyd ved lov 22. juni 2012 nr. 53 (i kraft 01.08.2012 iflg res 22.08.2012 nr. 582)
[24] Jfr. §6-3 og § 15-2. - Jfr. lov 2 juni 2005 nr. 27.
[25] Endra med lover 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 645), 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660), § 3-1 niande ledd endra ved lov 29. juni 2007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter res. 29 juni 2007 nr. 758), 20. juni 2008 nr. 48 (i kraft 1. august 2008), 19. juni 2009 nr. 94 (i kraft 01.08.2009 ), 20. juni 2014 nr. 54 (i kraft 01.08.2014), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

retten tek slutt. Departementet gir forskrifter om kva forhold som skal gi rett til utsetjing eller avbrot.

Retten til vidaregåande opplæring blir etter søknad om omval utvida med inntil eitt opplæringsår.

Elev som etter reglane i kapittel 5 har rett til spesialundervisning, har rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra når eleven treng det i forhold til opplæringsmåla for den enkelte. Før fylkeskommunen gjer vedtak om utvida opplæringstid, skal det liggje føre sakkunnig vurdering av dei særlege behova eleven har. Retten gjeld også for elevar som har rett til opplæring i og på teiknspråk etter § 3-9, rett til opplæring i punktskrift etter § 3-10 eller rett til særskild språkopplæring etter § 3-12. Kravet om sakkunnig vurdering gjeld ikkje for elevar med rett til særskild språkopplæring etter § 3-12.

Søkjarar har rett til inntak på eitt av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på, og til to års vidaregåande opplæring innanfor utdanningsprogrammet. Søkjarar som etter kapittel 5 i lova har rett til spesialundervisning, og som på grunnlag av sakkunnig vurdering har særlege behov for eit særskilt utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1, har rett til inntak til dette utdanningsprogrammet etter forskrift fastsett av departementet.

Fylkeskommunen skal tilby anna opplæring dersom ein elev, ein lærling, ein praksisbrevkandidat eller ein lærekandidat har særlege vanskar med å følgje den opplæringa som er vald.

Departementet gir forskrift om inntak.

Opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller i lærebedrift er gratis. Fylkeskommunen har ansvaret for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Elevane kan ikkje påleggjast å dekkje nokon del av utgiftene til dette utover det som følgjer av forskrift. Fylkeskommunen kan påleggje elevane, lærlingane, praksisbrevkandidatane og lærekandidatane å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

Ungdom med rett til vidaregåande opplæring etter paragrafen her kan, etter søknad og når det ligg føre særlege grunnar, i staden få vidaregåande opplæring etter § 4A-3.

Den som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring som ein del av ungdomsretten etter første ledd, har etter søknad rett til eitt års påbygging til generell studiekompetanse. Det same gjeld andre som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring innan utgangen av det året dei fyller 24 år. Retten gjeld dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring i 2014, eller seinare. Retten kan takast ut når som helst innan utgangen av det året vedkommande fyller 24 år. Lovføresegna i tredje ledd om at retten må takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem, alternativt seks år, gjeld ikkje her.

Det er eit vilkår for rett til vidaregåande opplæring at søkjaren har lovleg opphald i landet. Ungdom som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, har likevel berre rett til vidaregåande opplæring etter denne paragrafen når dei er under 18 år og det er sannsynleg at dei skal vere i Noreg i meir enn tre månader. Dei som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, og som fyller 18 år i løpet av eit skoleår, har rett til å fullføre påbegynt skoleår. For dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve, gjeld retten til vidaregåande opplæring etter denne paragrafen fram til dato for endeleg vedtak.

## § 3-2 Omfanget av den vidaregåande opplæringa i tid[26]

Departementet gir forskrifter om samla tid til opplæring i den vidaregåande opplæringa, også om samla læretid for lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar.

Opplæringa i skole skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skoleåret.

[26] Endra med lover 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

Fylkeskommunen gir forskrifter om skole- og feriedagar i skoleåret for elevane. Forskrifta skal vere tilpassa avviklinga av nasjonale prøver. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Departementet kan gi forskrifter om rammer for dagleg skoletid og for pausar for elevane.

## § 3-3 Opplæringsordninga for den vidaregåande opplæringa[27]

Den vidaregåande opplæringa skal føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse.

Opplæringa i skole skal omfatte vidaregåande trinn 1, vidaregåande trinn 2 og vidaregåande trinn 3. Kvart trinn skal normalt ha lengd som eitt skoleår.

Fagopplæringa omfattar normalt to års opplæring i skole og eitt års opplæring i bedrift. Når opplæring i bedrift blir kombinert med verdiskaping i bedrifta, kan opplæringa strekkje seg over to år. Departementet gir forskrift i medhald av § 3-4 første leddet om kva for fag som skal ha læretid i bedrift, og nærmare føresegner om opplæringsordninga for dei ulike faga.

Fylkeskommunen kan i det enkelte tilfellet godkjenne lærekontrakt eller opplæringskontrakt som inneheld unntak frå den fastsette opplæringsordninga. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

Dersom fylkeskommunen ikkje kan formidle opplæring i bedrift til dei som ønskjer slik opplæring, må også bedriftsdelen av opplæringa skje i skole. Praksisbrevkandidatar skal få bedriftsdelen av opplæringa i bedrift.

Fylkeskommunen skal gi tilbod om opplæring som lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar ikkje kan få i lærebedrifta.

## § 3-4 Innhald og vurdering i den vidaregåande opplæringa[28]

Departementet gir forskrifter om trinn og programområde, om fag, om mål for opplæringa, om omfanget av opplæringa i faga og om gjennomføringa av opplæringa. Departementet gir forskrifter om opplæring i fellesfag og programfag for praksisbrevkandidatar. Departementet gir forskrifter om vurdering av elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar, lærekandidatar, privatistar og praksiskandidatar, om klage på vurderinga, om eksamen, om fag- og sveineprøve, om praksisbrevprøve og om dokumentasjon. Departementet gir forskrifter om godskriving av tidlegare gjennomgådd opplæring eller praksis og restopplæring for praksisbrevkandidatar.

Elevane, lærlingane, praksisbrevkandidatane og lærekandidatane skal vere aktivt med i opplæringa. Undervisningspersonalet skal tilretteleggje og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her. Rektor skal organisere skolen i samsvar med forskrifter etter første leddet og i samsvar med §§ 1-1 og 3-3 og forskrifter etter § 1-5.

Departementet kan etter søknad frå fylkeskommunen gi ein skole løyve til avvik frå forskrifter om læreplanar. Før slikt løyve blir gitt, må det liggje føre fråsegn frå skoleutvalet.

## § 3-4 a Godkjenning av utanlandsk fagopplæring[29]

Departementet avgjer etter søknad frå enkeltpersonar om utanlandsk fag- eller yrkesopplæring skal godkjennast som sidestilt med norsk fag- eller sveinebrev eller vitnemål. Opplæringa er

---

[27] Endra med lover 17. sept. 1999 nr. 74 (i kraft 17. sept. 1999, etter res. 17. sept. 1999 nr. 1011), 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 645), 27. juni 2003 nr. 69 (i kraft 1. aug. 2003 etter res. 27. juni 2003 nr. 774), 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17. juni 2005 nr. 660). § 3-3 endra ved lov 29. juni 2007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter res. 29 juni 2007 nr. 758), 25. juni 2010 nr. 49 ( i kraft 01.08.2010), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

[28] Endra med lover 17. sept. 1999 nr. 74 (i kraft 17. sept. 1999, etter res. 17. sept. 1999 nr. 1011), 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 645), 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17. juni 2005 nr. 660), 19. desember 2008 nr. 118 (i kraft 01.01.2009), 19. juni 2009 nr. 94 (i kraft 01.08.2009 ), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

sidestilt når ho har same nivå og omfang som den norske vidaregåande opplæringa, og inneheld mange av dei vesentlege elementa i det aktuelle faget.

Departementet kan gi forskrift om vilkår for godkjenning, sakshandsaming, klage og avgrensing i klageretten.

## § 3-5 Fag- og sveineprøve utan læreforhold og skole[30]

Det er mogleg å ta fag- og sveineprøva på grunnlag av allsidig praksis i faget som er 25 prosent lengre enn den fastsette læretida. Fylkeskommunen avgjer om den praksisen kandidaten viser til, kan godkjennast, og kan i særlege tilfelle godkjenne kortare praksis.

## § 3-6 Oppfølgingstenesta[31]

Fylkeskommunen skal ha ei oppfølgingsteneste for ungdom som har rett til opplæring etter § 3-1, og som ikkje er i opplæring eller i arbeid. Tenesta gjeld til og med det året dei fyller 21 år. Tenesta omfattar også ungdom som har tapt opplæringsretten etter § 3-8 eller § 4-6.

Departementet gir forskrifter om oppgåvene til oppfølgingstenesta.

## § 3-7 Ordensreglement og liknande

Fylkeskommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på ein annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva for tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet, og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast.

Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising eller tap av rettar, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

## § 3-8 Bortvising og tap av rettar[32]

Fylkeskommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort i inntil fem dagar. Rektor sjølv vedtek å vise bort ein elev etter leddet her etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Med mindre fylkeskommunen fastset noko anna, kan rektor bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.

Når ein elev vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skolen, eller når ein elev alvorleg forsømmer pliktene sine, kan eleven visast bort frå resten av skoleåret. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av skoleåret kan fylkeskommunen også vedta at eleven skal miste retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Fylkeskommunen kan ikkje overlate til eit organ på skolen å treffe vedtak etter leddet her om bortvising eller tap av retten til vidaregåande opplæring.

Før det blir gjort vedtak om bortvising eller tap av rettar, skal ein vurdere om det er mogleg å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak.

---

[29] Føyd til med lov 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).
[30] § 3-5 endra ved lov 29. juni 2007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter res. 17. juni 2005 nr. 660).
[31] Endra med lov 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660).
[32] Endra med lov 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660), 25. juni 2010 nr.49 (i kraft 01.08.2010)

## § 3-9 Teiknspråkopplæring i den vidaregåande skolen[33]

Ungdom som har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 og som har teiknspråk som førstespråk, eller som etter sakkunnig vurdering har behov for slik opplæring, har rett til å velje vidaregåande opplæring i og på teiknspråk i eit teiknspråkleg miljø etter andre leddet, eller rett til å velje å bruke tolk i ordinære vidaregåande skolar. Det same gjeld vaksne som er tekne inn til vidaregåande opplæring utan rett etter § 3-1. Før fylkeskommunen gjer vedtak om slik opplæring, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering.

Med teiknspråkleg miljø er meint skolar som har tilrettelagde opplæringstilbod i og på teiknspråk for hørselshemma elevar.

Retten til opplæring i og på teiknspråk etter andre leddet er avgrensa til dei utdanningsprogramma og programområda desse skolane gir tilbod på. Delar av dette opplæringstilbodet kan givast med tolk.

Omfanget av opplæringa i tid og innhaldet i opplæringa blir fastsett i forskrifter etter § 3-2 og § 3-4 i denne lova.

Departementet kan gi nærmare forskrifter, mellom anna om inntak.

## § 3-10 Punktskriftopplæring m.m.[34]

Sterkt svaksynte og blinde elevar har rett til nødvendig opplæring i punktskrift og opplæring i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel. Elevane har også rett til nødvendig opplæring i å ta seg fram på skolen, til og frå skolen og i heimemiljøet. Omfanget av opplæringa i tid og innhaldet i opplæringa blir fastsett i forskrift etter § 3-2 og § 3-4 i denne lova. Før det blir gjort vedtak om slik opplæring, skal det liggje føre sakkunnig vurdering.

## § 3-11 Mellomstatleg avtale om privat vidaregåande skole[35]

Departementet kan godkjenne ein privat vidaregåande skole når det ligg føre ein mellomstatleg avtale om dette. I samband med godkjenninga kan departementet gjere unntak frå krava i opplæringslova og frå forskrift gitt i medhald av lova.

## § 3-12 Særskild språkopplæring for elevar frå språklege mioritetar[36]

Elevar i vidaregåande opplæring med anna morsmål enn norsk eller samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skole enn den eleven til vanleg går på.

Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal fylkeskommunen så langt som mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

Fylkeskommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

Fylkeskommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller

---

[33] Føyd til med lov 17. sept. 1999 nr. 74 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 639). Endra med lov 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660).

[34] Føyd til med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645).

[35] Føyd til med lov 29. juni 2007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter res. 29 juni 2007 nr. 758).)

[36] Tilføyd ved lov 20. juni 2008 nr. 48 (i kraft 1. august 2008), 19. juni 2009 nr. 94 (i kraft 01.08.2009 ), 22. juni 2012 nr. 53 (i kraft 01.08.2012 iflg res 22.08.2012 nr. 582).

skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette leddet krev samtykkje frå elev eller føresette.

### § 3-13 Opplæring av elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)[37]

Elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale, og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa.

Når ein elev eller lærekandidat ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har eleven eller lærekandidaten rett til spesialundervisning etter reglane i kapittel 5. Dette inkluderer nødvendig opplæring i bruk av alternativ og supplerande kommunikasjon.

## Kapitel 4 Vidaregåande opplæring i bedrift

### § 4-1. Kven som er lærling, praksisbrevkandidat og lærekandidat[38]

Lærling er etter denne lova den som har skrive ein lærekontrakt med sikte på fagprøve eller sveineprøve i fag som har læretid etter forskrifter gitt med heimel i § 3-4. Praksisbrevkandidat er etter denne lova den som har skrive ein opplæringskontrakt med sikte på praksisbrevprøve. Lærekandidat er etter denne lova den som har skrive ein opplæringskontrakt med sikte på ei mindre omfattande prøve enn fag- eller sveineprøve.

Når lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar får opplæring i skole, gjeld reglane for elevar.

### § 4-2. Særlege rettar og plikter for lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten[39]

Lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten har rett til opplæring i samsvar med lærekontrakten og opplæringskontrakten.

Lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten er arbeidstakarar i den bedrifta dei har teikna arbeidsavtale med og er plasserte i, med dei rettane og pliktene som følgjer av lover og tariffavtalar. Der lærlingar, praksisbrevkandidater og lærekandidatar har teikna både arbeidsavtale og lærekontrakt eller opplæringskontrakt med same part, kan arbeidsavtalen likevel ikkje hevast utan at lærekontrakten eller opplæringskontrakten kan hevast etter § 4-5 tredje leddet og § 4-6 siste leddet.

Når læretida etter kontrakten er over, eller når kontrakten blir heva etter § 4-6, fell også arbeidsavtalen bort. Dersom lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten skal halde fram i bedrifta, må ein ny arbeidsavtale inngåast.

---

[37] Tilføyd ved lov 22. juni 2012 nr. 53 (i kraft 01.08.2012 iflg res 22.06.2012 nr. 582). Endra med lov 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

[38] Endra med lover 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645), Tittel endret ved lov 29. juni 2007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter res. 29 juni 2007 nr. 758), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

[39] Endra med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645). § 4-2 (tittel og innhold) er endret ved lov 29. juni 2007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter res. 29. juni 2007 nr. 758), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

Lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar skal ha same tilgang på pedagogisk-psykologisk teneste som elevar i vidaregåande skole.

Lærekandidatar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning etter kapittel 5. For slik opplæring gjeld § 5-1, bortsett frå andre leddet siste setning, §§ 5-3, 5-4, 5-5 og 5-6 tilsvarande.

## § 4-3 Godkjenning av lærebedrift[40]

Bedrifter som tek på seg opplæring av ein eller fleire lærlingar, praksisbrevkandidatar eller lærekandidatar, må vere godkjende av fylkeskommunen. Som lærebedrift kan godkjennast private og offentlege verksemder og organ for samarbeid mellom bedrifter som i fellesskap tek på seg opplæringsansvar (opplæringskontor eller opplæringsring). Lærebedrifta må vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan godkjenne bedrifta. Fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda før endeleg vedtak blir gjort.

For at eit opplæringskontor eller ein opplæringsring skal bli godkjend, må dei enkelte bedriftene som inngår i kontoret eller ringen, vere godkjende av fylkeskommunen. Der samansetjinga av opplæringskontoret eller opplæringsringen endrar seg, skal kontoret eller ringen melde frå til fylkeskommunen, som skal vurdere godkjenninga på ny.

Ei lærebedrift må kunne gi ei opplæring som tilfredsstiller krava i forskrifter etter § 3-4 om innhaldet i opplæringa. Der lærebedrifta er eit opplæringskontor eller ein opplæringsring, skal dei samarbeidande bedriftene dokumentere at dei samla tilfredsstiller krava i forskriftene etter § 3-4 om innhaldet i opplæringa. Opplæringskontoret må ha føresegner som fastset tilhøvet mellom kontoret og medlemsbedriftene. Opplæringsringen må ha føresegner som fastset tilhøvet mellom dei samarbeidande bedriftene. Føresegnene skal fastsetje kva den enkelte bedrifta skal gi av opplæring, og delinga av tilskotet mellom bedriftene. Ei lærebedrift skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar (fagleg leiar) som har ansvaret for opplæringa, og skal sjå til at opplæringslova med forskrifter blir oppfylt.Kvar enkelt bedrift skal ha ein eller fleire instruktørar som står føre opplæringa av lærlingane, praksisbrevkandidatane og lærekandidatane.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om vilkår for godkjenning av lærebedrifter og tap av godkjenning.

## § 4-4 Rettane og pliktene til lærebedrifta m.m.[41]

Lærebedrifta pliktar å leggje til rette produksjonen og opplæringa slik at lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten kan nå måla i den fastsette læreplanen. Dersom lærekandidaten har krav på spesialundervisning etter kapittel 5, skal det utarbeidast individuell opplæringsplan, jf. § 5-5 første leddet. Lærebedrifta skal utvikle ein intern plan for opplæringa, for å sikre at lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten får ei opplæring som tilfredsstiller krava i læreplanen, eventuelt den individuelle opplæringsplanen. I fall delar av opplæringa skal givast av andre enn lærebedrifta, skal lærebedrifta leggje til rette for dette.

Lærebedrifta skal skape eit godt arbeids- og læremiljø. Arbeids- og opplæringstida til lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten skal til saman ikkje vere lengre enn den arbeidstida som gjeld for andre arbeidstakarar i faget.

Lærebedrifta melder lærlingen til den fagprøva eller sveineprøva som blir halde nærmast den tida da læretida er ute. Lærebedrifta melder praksisbrevkandidaten til den praksisbrevprøva som blir halde nærmast den tida da læretida er ute. Lærebedrifta melder lærekandidaten til

[40] Endra med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645). § 4-3 endret ved lov 29. juni 2007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter res 29 juni 2007 nr. 758), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

[41] Endra med lover 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 645), 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660), § 4-5 endret ved lov 29. juni 1007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter res. 29 juni nr. 758), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

kompetanseprøva. Lærebedrifta stiller nødvendig arbeidsplass, materiale, reiskapar og assistenthjelp til rådvelde under prøva. Lærebedrifta får eigedomsretten til produktet. Dersom fagprøva, sveineprøva, praksisbrevprøva eller kompetanseprøva blir teken på ein skole og skolen dekkjer materialutgiftene, får skolen eigedomsretten til produktet av prøva.

Dersom lærebedrifta stansar eller utviklar seg på ein slik måte at ho ikkje lenger finn det mogleg å gi lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten tilfredsstillande opplæring, skal ho melde frå til fylkeskommunen.

Lærebedrifter får tilskot til opplæringa frå fylkeskommunen etter forskrifter gitt av departementet.

## § 4-5 Lærekontrakt og opplæringskontrakt[42]

Det skal opprettast skriftleg lærekontrakt mellom lærebedrifta og lærlingen når læreforholdet tek til. Det skal opprettast skriftleg opplæringskontrakt mellom lærebedrifta og praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten når læreforholdet tek til. Det skal gå fram av kontrakten kven som har ansvaret for dei ulike delane av opplæringa etter den fastsette læreplanen.

For å bli gyldig må kontrakten godkjennast av fylkeskommunen, og han får da verknad frå den tida arbeidsforholdet tek til. Kontrakten skal vise til den eller dei arbeidsavtalane som lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten har. Departementet kan gi nærmare forskrifter om innhaldet i og forma på kontrakten.

Lærlingar og praksisbrevkandidatar som har fylt 21 år og som inngår lærekontrakt eller opplæringskontrakt med full opplæring i bedrift, jf. § 3-3 sjette leddet, skal ha ei prøvetid på seks månader. I prøvetida kan både lærebedrifta og lærlingen eller praksisbrevkandidaten seie opp læreforholdet utan omsyn til § 4-6. Reglane i arbeidsmiljøloven §§ 15-3 og 15-6 gjeld også når lærlingen eller praksisbrevkandidaten ikkje er skriftleg tilsett på ei bestemt prøvetid.

Det er ikkje nødvendig med samtykke frå verje når det blir skrive kontrakt.

## § 4-6. Endring og heving av lærekontrakt og opplæringskontrakt[43]

Etter samtykke frå fylkeskommunen kan opplæringskontrakten mellom lærekandidaten og lærebedrifta endrast i løpet av kontrakttida til ordinær lærekontrakt med fagbrev eller sveinebrev som mål, eller til opplæringskontrakt med praksisbrevprøve som mål. Etter samtykke frå fylkeskommunen kan lærekontrakten mellom lærlingen og lærebedrifta i løpet av kontrakttida endrast til opplæringskontrakt med kompetanseprøve eller praksisbrevprøve som mål. Etter samtykke frå fylkeskommunen kan opplæringskontrakten mellom praksisbrevkandidaten og lærebedrifta i løpet av kontrakttida endrast til opplæringskontrakt med kompetanseprøve som mål, eller til lærekontrakt med fagbrev eller sveinebrev som mål.

Lærekontrakten eller opplæringskontrakten kan hevast av partane dersom dei er samde om det og etter at lærebedrifta har orientert fylkeskommunen skriftleg om det.

Etter samtykke frå fylkeskommunen kan kontrakten hevast av både lærebedrifta og av lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten dersom

a) den andre parten gjer seg skyldig i vesentlege brott på pliktene sine i arbeidsforholdet
b) lærlingen, praksisbrevkandidaten, lærekandidaten eller lærebedrifta viser seg ute av stand til å halde fram i læreforholdet, eller
c) Lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten skriftleg seier frå at det er ei urimeleg ulempe for han eller ho å halde fram ut kontrakttida

---

[42] Endra med lover 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 645), 17. juni 2005 nr. 62 (i kraft 1. jan. 2006). § 4-5 (tittel og innhold) endret ved lov 29. juni 2007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter res. 29 juni 2007 nr. 758), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

[43] Endra med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645). § 4-6 (tittel og innhold) endret ved lov 29. juni 2007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter es. 29 juni 2007 nr. 758), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

Fylkeskommunen avgjer i tilfelle når læreforholdet skal ta slutt. Lærebedrifta skal skrive ut ein attest for den delen av kontrakttida som er gjennomført med ei fråsegn om denne delen av opplæringa.

Når lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten frivillig hevar kontrakten, fell retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1 bort dersom fylkeskommunen ikkje vedtek noko anna. Når det blir gjort vedtak om å heve ein kontrakt etter krav frå lærebedrifta, beheld lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten retten til vidaregåande opplæring med mindre vedtaket fastset at retten fell bort.

Før det blir gjort vedtak om heving etter krav frå lærebedrifta eller før det blir gjort vedtak om tap av rettar, skal lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten kunne forklare seg munnleg for den som skal gjere vedtaket.

Etter samtykke frå fylkeskommunen kan læretida avbrytast i samband med permisjon.

Dersom lærebedrifta stansar eller ikkje lenger fyller vilkåra for godkjenning etter § 4-3, eller dersom fylkeskommunen finn at opplæringa ikkje er tilfredsstillande, skal fylkeskommunen søkje å skaffe lærlingane, praksisbrevkandidatane eller lærekandidatane ny læreplass for resten av kontrakttida. Den nye lærebedrifta går inn i kontrakten i staden for den tidlegare lærebedrifta. Etter samtykke frå fylkeskommunen kan kontrakttida i den nye lærebedrifta gjerast inntil eitt år lengre dersom opplæringa har vore mangelfull.

Lærekontrakten eller opplæringskontrakten kan ikkje endrast eller hevast på annan måte enn etter denne paragrafen. Unntak gjeld for lærlingar og praksisbrevkandidatar som har prøvetid etter § 4-5 tredje leddet.

## § 4-7 Internkontroll i den enkelte lærebedrifta[44]

Lærebedrifta skal ha intern kvalitetssikring, slik at lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten får opplæring i samsvar med lova her og forskrifta til denne. Ein eller fleire representantar for arbeidstakarane skal saman med den eller dei faglege leiarane jamleg sjå til at lærebedrifta følgjer pliktene etter opplæringslova med forskrift.

Lærebedrifta skal årleg rapportere til fylkeskommunen om opplæringa av lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar. Departementet kan gi nærmare forskrifter om rapporteringsplikta til lærebedrifta.

## § 4-8. Oppgåvene til fylkeskommunen knytte til fag- og yrkesopplæringa[45]

Fylkeskommunen har også oppgåver etter §§ 4-3, 4-5 og 4-6, knytte til fag- og yrkesopplæringa. I samband med godkjenning av lærebedrifter skal fylkeskommunen rettleie og følgje opp bedriftene, i tillegg til å kontrollere at den enkelte bedrifta fyller krava for å få godkjenning.

Fylkeskommunen skal leggje fram for yrkesopplæringsnemnda saker som har betydning for fag- og yrkesopplæringa, før fylkeskommunen gjer vedtak i saka. Saker om godkjenning av lærebedrifter, tap av godkjenningar og kvalitetssystemet for fag- og yrkesopplæringa skal alltid leggjast fram for nemnda. Fylkeskommunen skal leggje vekt på det yrkesopplæringsnemnda har vedteke eller uttalt når han avgjer saker som gjeld fag- og yrkesopplæringa. I samband med godkjenning av lærebedrift eller vedtak om tap av godkjenning skal fylkeskommunen leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda, jf. § 4-3.

Fylkeskommunen skriv ut fagbrev, sveinebrev og praksisbrev på grunnlag av greidd prøve, og kompetansebevis for opplæring som er gjennomført.

---

[44] Endra med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645). § 4-7 (tittel og innhold) endret ved lov 29. juni 2007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter res. 29 juni 2007 nr. 758), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).
[45] Endra med lov 29 juni 2007 nr. 91 (ikr. 1 nov 2007, etter res. 29 juni 2007 nr. 758). 17 juni 2016 nr. 67 (ikr. 1 aug 2016 iflg. res. 17 juni 2016 nr. 673).

Fylkeskommunen godkjenner praksis for kandidatar som melder seg til fagprøve eller sveineprøve utan læretid, jf. § 3-5.

Etter forslag frå yrkesopplæringsnemnda nemner fylkeskommunen opp ei, eller om nødvendig fleire prøvenemnder for dei faga det er prøvekandidatar i. Fylkeskommunen kan eventuelt nemne opp prøvenemnder i samarbeid med andre fylkeskommunar.

# Kapitel 4A Opplæring spesielt organisert for vaksne[46]

## § 4A-1 Rett til grunnskoleopplæring for vaksne[47]

Dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskoleopplæring, har rett til slik opplæring, så langt dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskoleopplæring for vaksne. Opplæringa skal tilpassast behovet til den enkelte.

Kommunar og fylkeskommunar kan òg tilby grunnskoleopplæring etter første ledd til dei som har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1, men som har behov for meir grunnskoleopplæring for å kunne fullføre vidaregåande opplæring.

Opplæringa og undervisningsmateriellet er gratis.

Det er eit vilkår for rett til grunnskoleopplæring at søkjaren har lovleg opphald i landet. Dei som er over opplæringspliktig alder, og som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, har likevel berre rett til grunnskoleopplæring etter denne paragrafen når dei er under 18 år og det er sannsynleg at dei skal vere i Noreg i meir enn tre månader. Dei som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, og som fyller 18 år i løpet av eit skoleår, har rett til å fullføre påbegynt skoleår. For dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve, gjeld retten til grunnskoleopplæring etter denne paragrafen fram til dato for endeleg vedtak.

## § 4A-2 Rett til spesialundervisning på grunnskolens område[48]

Vaksne som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, har rett til spesialundervisning.

Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring.

For opplæring etter denne paragraf gjeld § 5-1 andre ledd bortsett frå siste punktum, og §§ 5-3, 5-4, 5-5 og 5-6 tilsvarande.

## § 4A-3 Rett til vidaregåande opplæring for vaksne[49]

Vaksne som har fullført grunnskolen eller tilsvarande, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring. Første punktum gjeld vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Opplæringa for vaksne skal tilpassast behovet til den enkelte. Retten kan oppfyllast mellom anna ved fjernundervisningstilbod. Departementet gir nærmare forskrifter, mellom anna om kven retten omfattar, om inntak, rangering og førerett.

---

[46] Kapitlet føyd til med lov 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000 med unntak av § 4A-1, § 4A-2, § 4A-7 og § 4A-8, som trådte i kraft 1. aug. 2002, etter res. 30. juni 2000 nr. 645).
[47] Føyd til med lov 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2002, etter res. 26. april 2002 nr. 414). Endra med lov 20. juni 2014 nr. 54 (i kraft 01.08.2014), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).
[48] Føyd til med lov 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2002, etter res. 26. april 2002 nr. 414). 19. juni 2009 nr. 94 (i kraft 01.08.2009 )
[49] Føyd til med lov 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 645). Endra ved lov 14. mars 2003 nr. 17, 16 juni 2006 nr. 20 (i kraft 1 juli 2006 iflg. res. 16 juni 2006 nr. 631). § 4A-3 fjerde ledd endret ved lov 29. juni 2007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter res. 29 juni 2007 nr. 758). Første ledd endret ved lov 20. juni 2008 nr. 48 (i kraft 1. august 2008), 20. juni 2014 nr. 54 (i kraft 01.08.2014).

Vaksne som er tekne inn til vidaregåande opplæring, har rett til å fullføre opplæringsløpet. Dette gjeld sjølv om dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter første leddet.

I fag der læreplanen føreset lengre opplæringstid enn tre år, har dei vaksne rett til opplæring i samsvar med den opplæringstida som er fastsett i læreplanen.

Opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller i lærebedrift er gratis. Fylkeskommunen har ansvaret for å halde vaksne som får vidaregåande opplæring, med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Vaksne som får vidaregåande opplæring, kan ikkje påleggjast å dekkje nokon del av utgiftene til dette utover det som følgjer av forskrift. Fylkeskommunen kan påleggje vaksne som får vidaregåande opplæring, å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

Vaksne som har rett til vidaregåande opplæring har rett til vurdering av realkompetansen sin og til kompetansebevis. Personar som ikkje har rett til vidaregåande opplæring, skal få vurdert realkompetansen sin om dei blir vist til dette av kommune, arbeidsmarknadsetaten eller trygdeetaten. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

Fylkeskommunen skal gi kompetansebevis på grunnlag av realkompetansevurdering på vidaregåande opplærings nivå. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

Den som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring som ein del av ungdomsretten etter § 3-1 første ledd, har etter søknad rett til eitt års påbygging til generell studiekompetanse. Det same gjeld andre som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring innan utgangen av det året dei fyller 24 år. Retten gjeld dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring i 2014, eller seinare. Retten kan takast ut når som helst etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring.

Det er eit vilkår for rett til vidaregåande opplæring at søkjaren har lovleg opphald i landet. Vaksne som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, har likevel ikkje rett til opplæring etter denne paragrafen.

## § 4A-4 Kommunen og fylkeskommunen si plikt til å sørgje for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne[50]

For opplæring etter dette kapitlet gjeld § 13-1 med unntak av andre ledd, §§ 13-2 til 13-3a og § 13-10.

Kommunen og fylkeskommunen kan nytte studieforbund, godkjente nettskolar og andre som gir tilbod om grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for å oppfylle plikta til å gi opplæring til vaksne.

Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at vaksne får dokumentert opplæringa som dei har gjennomført.

Kommunen og fylkeskommunen skal leggje til rette for at vaksne som får opplæring etter dette kapitlet, får høve til å ta aktivt del i arbeidet med å fremje eit godt læringsmiljø og utdanningstilbod.

Departementet gir nærmare forskrifter om vurdering, om klage på vurdering, om eksamen og om dokumentasjon.

## § 4A-5 Kompetansekrav for undervisningspersonell[51]

§ 10-1 med tilhøyrande forskrift gjeld tilsvarande for opplæring etter dette kapitlet. Departementet kan gi forskrifter om at ein likevel kan tilsetje personell utan formell pedagogisk kompetanse.

---

[50] Føyd til med lov 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 645). Endra med lover 12. april 2002 nr. 10 (i kraft 12. april 2002, etter res. 12. april 2002 nr. 349), 27. juni 2003 nr. 69 (i kraft 1. aug. 2003 etter res. 27. juni 2003 nr. 774). Endret ved lov 19.juni 2009 nr. 95 (i kraft 01.01.2010), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

[51] Føyd til med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645).

For opplæring etter § 4A-2 andre leddet gjeld ikkje § 10-1 med tilhøyrande forskrift. Opplæringa skal likevel skje under fagleg og pedagogisk rettleiing og ansvar.

## § 4A-6 Innhaldet i opplæringa[52]

§ 1-1 gjeld så langt det passar for opplæring etter dette kapitlet. Læreplanar etter §§ 1-5, 2-3, 3-4 og 6-4 gjeld med dei tilpassingar som følgjer av dette kapitlet

## § 4A-7 Skyss m.m.[53]

Vaksne som ikkje har fullført grunnskolen, og som bur meir enn fire kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss når dei får grunnskoleopplæring etter dette kapitlet.

Vaksne som på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade har behov for det, har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når dei får grunnskoleopplæring etter dette kapitlet. § 7-4 gjeld tilsvarande.

Kommunen skal innlosjere dei vaksne når dagleg skyss etter første og andre leddet ikkje er forsvarleg. Når det er nødvendig, gjeld tilsyn etter § 7-1 fjerde leddet tilsvarande.

Elles gjeld § 13-4 tilsvarande for dei pliktene som følgjer av denne paragrafen.

## § 4A-8 Rådgiving[54]

Vaksne med rett til opplæring etter §§ 4A-1 og 4A-2 har rett til rådgiving for å kartleggje kva tilbod den vaksne har behov for.

## § 4A-9 Bortvising[55]

Når ein elev eller deltakar vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skolen, eller når ein elev eller deltakar alvorleg forsømmer pliktene sine, kan kommunen/fylkeskommunen vise eleven/deltakaren bort frå resten av det kurset eleven/deltakaren er teken inn på. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av kurset kan fylkeskommunen også vedta at eleven/deltakaren skal misse retten til vidaregåande opplæring etter § 4A-3.

Kommunen/fylkeskommunen kan ikkje overlate til eit organ på skolen å gjere vedtak etter denne paragrafen om bortvising eller tap av retten til opplæring.

Før det blir gjort vedtak om bortvising eller tap av rettar, skal ein vurdere om det er mogleg å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak.

## § 4A-10 Tilsyn, kontroll og klage[56]

§ 14-1, § 15-1 første leddet og § 15-2 gjeld også for opplæring etter dette kapitlet.

## § 4A-11 Forsøk[57]

§ 1-4 gjeld tilsvarande for opplæring etter dette kapitlet.

## § 4A-12 Tilpassa opplæring[58]

§ 1-3 første ledd gjeld tilsvarande for opplæring etter dette kapitlet

---

[52] Føyd til med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645), endret ved lov 19. desember 2008 nr. 118 (i kraft 01.01.2009), 19. juni 2009 nr. 94 (i kraft 01.08.2009 ).
[53] Føyd til med lov 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2002, etter res. 26. april 2002 nr. 414).
[54] Føyd til med lov 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2002, etter res. 26. april 2002 nr. 414).
[55] Føyd til med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645).
[56] Føyd til med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645).
[57] Føyd til med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645).

### § 4A-13 Opplæring av vaksne med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)[59]

Vaksne som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa.

Vaksne som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning etter reglane i § 4a-2. Dette inkluderer nødvendig opplæring i å bruke alternativ og supplerande kommunikasjon.

## Kapitel 5 Spesialundervisning[60]

### § 5-1 Rett til spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2.

### § 5-2 (Opphevet)

(Opphevd med lov 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2002, etter res. 26. april 2002 nr. 414).)

### § 5-3 Sakkunnig vurdering[61]

Før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om spesialundervisning etter § 5-1, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven. Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringstilbod som bør givast.

Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta standpunkt til

- eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet
- lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa
- realistiske opplæringsmål for eleven
- om ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet
- kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om den sakkunnige vurderinga.

Dersom vedtaket frå kommunen eller fylkeskommunen avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngivinga for vedtaket blant anna vise kvifor kommunen eller fylkeskommunen meiner at eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller retten etter § 5-1.

### § 5-4 Nærmare om saksbehandlinga i samband med vedtak om spesialundervisning[62]

Eleven eller foreldra til eleven kan krevje at skolen gjer dei undersøkingar som er nødvendige for å finne ut om eleven treng spesialundervisning, og eventuelt kva opplæring eleven treng.

---

[58] Tilføyd ved lov 20. juni 2008 nr. 48 (i kraft 1. august 2008), 19. juni 2009 nr. 94 (i kraft 01.08.2009 )
[59] Tilføyd ved lov 22. juni 2012 nr. 53 (i kraft 01.08.2012 iflg res 22.06.2012 nr. 582)
[60] Endra med lov 17 juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660).
[61] Endret ved lover 20. juni 2008 nr. 48, i kraft 1. august 2008, 17. juni 2016 nr. 65 (01.08.2016).
[62] Endret ved lov 21 juni 2013 nr. 98 (I kraft 1 august 2013).

Undervisningspersonalet skal vurdere om ein elev treng spesialundervisning, og melde frå til rektor når slike behov er til stades. Skolen skal ha vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet med sikte på å gi eleven tilfredsstillande utbytte før det blir gjort sakkunnig vurdering.

Før det blir gjort sakkunnig vurdering og før det blir gjort vedtak om å setje i gang spesialundervisning, skal det innhentast samtykke frå eleven eller frå foreldra til eleven. Med dei avgrensingane som følgjer av reglane om teieplikt og § 19 i forvaltningslova, har eleven eller foreldra til eleven rett til å gjere seg kjende med innhaldet i den sakkunnige vurderinga og til å uttale seg før det blir gjort vedtak.

Tilbod om spesialundervisning skal så langt råd er, formast ut i samarbeid med eleven og foreldra til eleven, og det skal leggjast stor vekt på deira syn.

## § 5-5 Unntak frå reglane om innhaldet i opplæringa og kompetansekrav[63]

Reglane om innhaldet i opplæringa i denne lova og i forskrifter etter denne lova gjeld for spesialundervisning så langt dei passar. For elev som får spesialundervisning, skal det utarbeidast individuell opplæringsplan. Planen skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis ho skal drivast. Også avvikande kontraktvilkår for lærlingar kan fastsetjast i den individuelle opplæringsplanen.

Skolen skal ein gong i året utarbeide skriftleg oversikt over den opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven. Utviklinga til eleven skal vurderast ut frå måla som er sette i den individuelle opplæringsplanen til eleven. Skolen sender oversikta og vurderinga til eleven eller til foreldra til eleven og til kommunen eller fylkeskommunen.

Krav etter § 10-2 kan fråvikast i vedtak om spesialundervisning dersom ei konkret vurdering av eleven og den spesialundervisninga som skal bli gitt, tilseier det.

## § 5-6 Pedagogisk-psykologisk teneste

Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen.

Tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørgje for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Departementet kan gi forskrifter om dei andre oppgåvene til tenesta.

## § 5-7 Opphevet 01.08.2016

Oppheva med lov 17. juni 2016 nr. 65 (fra 01.08.2016).

## § 5-8 Helsetenestetilbod

Departementet kan gi forskrifter om helsetilsyn og medisinsk hjelp for elevar som får spesialundervisning.

## § 5-9 Statens plikt til å sørgje for læremiddel

Departementet skal sørgje for at det blir utarbeidd lærebøker og andre læremiddel for spesialundervisning.

[63] Endra med lover 27 juni 2003 nr. 69 (ikr. 1 aug 2003, etter res. 27 juni 2003 nr. 774), 21 juni 2013 nr. 98 (ikr. 1 aug 2013, etter res. 21 juni 2013 nr. 685), 22 juni 2012 nr. 53 (ikr. 1 jan 2014, etter res. 22 juni 2012 nr. 582), 20. juni 2014 nr. 54 (i kraft 01.08.2014).

# Kapitel 6 Samisk opplæring

## § 6-1. Definisjonar

I lova her tyder

- same: person som kan skrivast inn i samemanntalet, jf. § 2-6 i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (samelova), og barn av dei som kan skrivast inn
- samisk: nordsamisk, sørsamisk eller lulesamisk
- samisk distrikt: 1) det samiske forvaltningsområdet etter § 3-1 i samelova, 2) andre kommunar eller delar av kommunar etter forskrifter gitt av Kongen i statsråd etter at Sametinget og dei kommunane og fylkeskommunane spørsmålet gjeld, har fått uttale seg.

## § 6-2 Samisk opplæring i grunnskolen[64]

I samiske distrikt har alle i grunnskolealder rett til opplæring i og på samisk.

Utanfor samiske distrikt har minst ti elevar i ein kommune som ønskjer opplæring i og på samisk, rett til slik opplæring så lenge det er minst seks elevar igjen i gruppa.

Kommunen kan vedta å leggje opplæring på samisk til ein eller fleire skolar i kommunen.

Kommunen kan gi forskrifter om at alle i grunnskolealder i samiske distrikt skal ha opplæring i samisk.

Utanfor samiske distrikt har samar i grunnskolealder rett til opplæring i samisk. Departementet kan gi forskrifter om alternative former for slik opplæring når opplæringa ikkje kan givast med eigna undervisningspersonale på skolen.

Elevane avgjer sjølv om dei vil ha opplæring i og på samisk frå og med 8. årstrinnet etter første, andre og femte leddet.

## § 6-3 Samisk vidaregåande opplæring[65]

Samar i vidaregåande opplæring har rett til opplæring i samisk. Departementet kan gi forskrifter om alternative former for slik opplæring når opplæringa ikkje kan givast med eigna undervisningspersonale på skolen.

Departementet kan gi forskrifter om at visse skolar skal tilby opplæring i eller på samisk eller i særskilde samiske fag i den vidaregåande opplæringa innanfor visse kurs eller for visse grupper. Fylkeskommunen kan også elles tilby slik opplæring.

## § 6-4. Innhaldet i opplæringa[66]

Forskrifter om læreplanar etter § 2-3 og § 3-4 skal gi pålegg om opplæring om den samiske folkegruppa og om språket, kulturen og samfunnslivet til denne folkegruppa i tilknyting til dei ulike fagområda. Innanfor rammer fastsette av departementet gir Sametinget forskrifter om innhaldet i slik opplæring.

Sametinget gir forskrifter om læreplanar for opplæring i samisk språk i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa, og om læreplanar for særskilde samiske fag i den vidaregåande opplæringa. Forskriftene må liggje innanfor omfangs- og ressursrammer fastsette av departementet.

---

[64] Endra med lov 27. juni 2003 nr. 69 (i kraft 1. august 2003 etter res. 27 juni 2003 nr. 774)

[65] Endra med lov 17. juni 2005 nr. 105.

[66] I kraft 1 aug 1999, etter res. 27 nov 1998 nr. 1096, men likevel slik at gjeldande læreplanverk for grunnskolen (L97 og L97S) og gjeldande læreplanar for videregåande opplæring blir vidareførte fram til Sametinget har vedteke nytt. Endra med lov 30 juni 2006 nr. 57 (i kraft 1 jan 2007, etter res. 30 juni 2006 nr. 764).

Departementet gir forskrifter om andre særskilde læreplanar for grunnskoleopplæringa i samiske distrikt og for elevar elles som får samisk opplæring i grunnskole og vidaregåande opplæring. Sametinget skal i samråd med departementet lage utkast til desse forskriftene.

# Kapitel 7 Skyss og innlosjering

## § 7-1 Skyss og innlosjering i grunnskolen[67]

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda.

Departementet gir nærmare forskrifter om tryggleiken til elevane under skoleskyssen.

Kommunen skal innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg. I vurderinga skal det særleg leggjast vekt på forhold som gjeld den enkelte eleven, til dømes alder, funksjonshemming, reisetid og tryggleik, og om dagleg skyss fører til ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen. I tvilstilfelle avgjer foreldra om eleven skal skyssast eller innlosjerast.

Kommunen fører tilsyn med grunnskoleelevar som er innlosjerte.

## § 7-2 Skyss og innlosjering i den vidaregåande skolen[68][69]

Elevar i vidaregåande skole som bur meir enn seks kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle. Når det er nødvendig, har elevar rett til gratisk båttransport utan omsyn til reiselengda. Departementet kan gi forskrifter om at skyssbehovet til elevane i særskilde tilfelle kan dekkjast på andre måtar.

Departementet gir nærmare forskrifter om tryggleiken til elevane under skoleskyssen.

Fylkeskommunen skal hjelpe til med å skaffe losji for elevar i vidaregåande skole som bur slik til eller som har så lang veg at dei ikkje kan nytte dagleg skyss til skolen. Om nødvendig skal fylkeskommunen byggje elevheim.

## § 7-3 Skyss for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke[70]

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til det uavhengig av avstanden mellom heimen og opplæringsstaden.

Elevar som har plass i skolefritidsordninga, jf. opplæringslova § 13-7, og som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss til og frå skolefritidsordninga. Retten omfattar ikkje skyss i skoleferiane. Retten til skyss gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og skolefritidsordninga.

## § 7-4 Reisefølgje og tilsyn[71]

Elevane har rett til nødvendig reisefølgje. Elevane har rett til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før undervisningstida tek til og etter at undervisningstida er slutt. Retten til nødvendig reisefølgje og til nødvendig tilsyn gjeld også for barn som har rett til skyss til og frå skolefritidsordninga etter § 7-3 andre ledd.

---

[67] Endra med lover 20 des 2002 nr. 112 (i kraft 1 april 2003, etter res. 20 des 2002 nr. 1735), 20. juni 2008 nr. 48 (i kraft 1. august 2008).

[68] Endra med lov 20 des 2002 nr. 112 (i kraft april 2003, etter res. 20 des 2002 nr. 1735).

[69] Se også Sivilombudsmannens uttalelse om fylkeskommunens anvendelse av dispensasjon fra plikten til å sørge for grtis skoleskyss - Sak 2009-1459 - publisert 21.01.2010

[70] Endra ved lov 25. juni 2010 nr. 49 (i kraft 01.08.2010)

[71] Endra ved lov 25. juni 2010 nr. 49 ( i kraft 01.08.2010)

## § 7-5

(Opphevd med lov 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2002, etter res. 26. april 2002 nr. 414).)

## § 7-6 Opphevt 01.08.2016

Oppheva med lov 17. juni 2016 nr. 65 (fra 01.08.2016).

# Kapitel 8 Organisering av undervisninga

## § 8-1 Skolen[72]

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:

a) opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til
b) det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnader til skyssordning
c) varigheita på avtalen
d) reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og
e) anna som etter lov krev avtale.

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Ein elev kan i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første ledd, dersom omsynet til dei andre elevane tilseier det. Grunnen til at ein elev kan flyttast, kan til dømes vere at eleven mobbar ein eller fleire medelevar. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.

## § 8-2 Organisering av elevane i klasser eller basisgrupper[73]

I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa og dei elevane som er der, mellom anna kontakten med heimen.

## § 8-3 Forholdstal mellom talet på lærarar og talet på elevar[74]

Departementet kan fastsettje nærmare forskrifter om forholdstal mellom talet på lærarar og talet på elevar per skole eller per kommune. Forholdstalet kan variere på ulike trinn.

---

[72] Endra med lover 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645), 21 juni 2013 nr. 98 (I kraft 1 august 2013), 24. april 2014 nr. 23.

[73] Endra med lov 27. juni 2003 nr. 69 (i kraft 1. aug. 2003 etter res. 27. juni 2003 nr. 774), 19. juni 2009 nr. 94 (i kraft 01.08.2009 ).

### § 8-4

(Oppheva med lov 27. juni 2003 nr. 69 (i kraft 1. aug. 2003 etter res. 27. juni 2003 nr. 774).)

## Kapitel 9 Leiing, funksjonar, utstyr og læremiddel i skolen

### § 9-1 Leiing[75]

Kvar skole skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing.

Opplæringa i skolen skal leiast av rektorar. Rektorane skal halde seg fortrulege med den daglege verksemda i skolane og arbeide for å vidareutvikle verksemda. Den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar. Rektorar kan tilsetjast på åremål.

Departementet kan etter søknad gjere unntak frå reglane i andre ledd og gi høve til andre måtar å organisere leiinga på.

### § 9-2. Rådgiving og skolebibliotek

Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og om sosiale spørsmål. Departementet gir nærmare forskrifter.

Elevane skal ha tilgang til skolebibliotek. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

### § 9-3 Utstyr[76]

Skolane skal ha tilgang til nødvendig utstyr, inventar og læremiddel.

### § 9-4 Lærebøker og andre læremiddel[77]

I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå denne regelen.

Norske og samiske lærebøker og tilsvarande digitale læremiddel som blir brukte i skolen, skal vere i samsvar med offisiell rettskriving. Nynorskutgåvene skal følgje læreboknormalen. Med lærebøker er her meint alle trykte læremiddel som elevane regelmessig bruker for å nå vesentlege delar av kompetansemåla i eit fag.

Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk.

Ordlister og ordbøker til skolebruk skal godkjennast av Språkrådet.

Departementet gir nærmare forskrifter om kva læremiddel som er omfatta av kravet i første leddet.

Reglane i første og fjerde ledd gjeld ikkje for samiske læremiddel.

### § 9-5. Skoleanlegga[78]

Kommunen skal sørgje for tenlege grunnskolar.

---

[74] Endret ved lov 21 juni 2013 nr. 98 (I kraft 1 august 2013).
[75] Endra med lover 27. juni 2003 nr. 69 (i kraft 1. jan. 2004, etter res. 27. juni 2003 nr. 774), 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660).
[76] Endra med lov 20. des. 2002 nr. 112 (i kraft 1. april 2003, etter res. 20. des. 2002 nr. 1735).
[77] Endra med lover 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 645), 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660.) 25. juni 2010 nr. 49 ( i kraft 01.08.2010)
[78] Endra med lov 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

På grunnskolar og i kombinerte anlegg for skole og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nyting under arrangement i offentleg som privat regi. I kombinerte anlegg for skole og andre formål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skoletida.

### § 9-6. Om reklame i skolen[79]

Skoleeigaren skal sørgje for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press, eller som i stor grad kan påverke holdningar, åtferd og verdiar, mellom anna på skolens område, i lærebøker og andre læremiddel som blir nytta i opplæringa. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

## Kapitel 9a Elevane sitt skolemiljø[80]

### § 9a-1 Generelle krav[81]

Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

### § 9a-2 Det fysiske miljøet[82]

Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

### § 9a-3 Det psykososiale miljøet[83]

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

---

[79] Føyd til ved lov 29. juni 2007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter res. 29 juni nr. 758).
[80] Kapitlet føyd til med lov 20. des. 2002 nr. 112 (i kraft 1. april 2003, etter res. 20. des. 2002 nr. 1735).
[81] Føyd til med lov 20 des 2002 nr. 112 (i kraft 1 april 2003, etter res. 20 des 2002 nr. 1735).
[82] Føyd til med lov 20 des 2002 nr. 112 (i kraft 1 april 2003, etter res. 20 des 2002 nr. 1735).
[83] Føyd til med lov 20 des 2002 nr. 112 (i kraft 1 april 2003, etter res. 20 des 2002 nr. 1735).

## § 9a-4 Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)[84]

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

## § 9a-5 Elevdeltaking i skolemiljøarbeidet[85]

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skolen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.

Elevrådet kan nemne opp skolemiljørepresentantar til å vareta elevane sine interesser overfor skolen og myndigheitene i saker som har med skolemiljøet å gjere. Skolemiljørepresentantane deltek i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske helse-, miljø- og tryggingsarbeidet ved skolen i den grad det vedkjem skolemiljøet for elevane.

Elevane kan møte med inntil to skolemiljørepresentantar i arbeidsmiljøutvalet eller anna samarbeidsorgan der eit slikt er oppretta ved skolen i samsvar med arbeidsmiljøloven kapittel 7, når dette behandlar spørsmål som vedkjem skolemiljøet for elevane. Skolemiljørepresentantane har da talerett og rett til å få meininga si protokollert. Skolemiljørepresentantane skal ikkje vere til stades når utvalet behandlar saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter.

Skolemiljørepresentantane har rett til den informasjon som trengst for oppdraget, så langt informasjonen ikkje er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter.

Skolemiljørepresentantane har rett til den opplæring og det fritak frå undervisningstimar som trengst for å skjøtte oppgåvene.

## § 9a-6 Informasjonsplikt og uttalerett[86]

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skolemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skolen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skolemiljøet.

Dersom skolen blir klar over tilhøve ved skolemiljøet som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det.

## § 9a-7 Straff[87]

Med bøter eller fengsel i inntil 3 månader eller begge delar blir den straffa som forsettleg eller aktlaust bryt krava i dette kapitlet eller i forskrifter gitt i medhald av det.

Fristen for forelding er fem år for brot på reglar i dette kapitlet som gjeld psykososialt skolemiljø. Elles gjeld reglane i straffelova om opphør av straff ved forelding.

---

[84] Føyd til med lov 20 des 2002 nr. 112 (i kraft 1 april 2003, etter res. 20 des 2002 nr. 1735).

[85] Føyd til med lov 20. des. 2002 nr. 112 (i kraft 1. april 2003, etter res. 20. des. 2002 nr. 1735). Endra med lover 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660), 17. juni 2005 nr. 62 (i kraft 1. jan. 2006, etter res. 17 juni 2005 nr. 609).

[86] Føyd til med lov 20. des. 2002 nr. 112 (i kraft 1. april 2003, etter res. 20. des. 2002 nr. 1735). Endra med lov 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660).

[87] Føyd til med lov 20 des 2002 nr. 112 (i kraft 1 april 2003, etter res. 20 des 2002 nr. 1735), 21 juni 2013 nr. 98 (I kraft 1 august 2013).

### § 9a-8 Erstatningsansvar og bevisbyrde[88]

Reglane i lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning kapittel 2 gjeld for saker om psykososialt skolemiljø etter reglane i dette kapitlet.

Hvis det i saker etter første ledd ligg føre tilhøve som gir grunn til å tro at skoleeigar ikkje har følgt opp reglane i eller i medhald av opplæringslova kapittel 9a om psykososialt skolemiljø, skal dette leggjast til grunn med mindre skoleeigaren gjer noko anna truleg.

### § 9a-9 Skolefritidsordninga[89]

Føresegnene i dette kapitlet gjeld også for skolefritidsordning oppretta etter lova her.

### § 9a-10 Forskrifter[90]

Departementet kan gi nærmare forskrifter om skolemiljøet til elevane.

## Kapitel 10 Personalet i skolen m.m.[91]

### § 10-1 Krav om kompetanse ved tilsetjing av undervisningspersonell[92]

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling i grunnskolen og i den vidaregåande skolen, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. Departementet gir nærmare forskrifter om krav til utdanning og praksis for den som skal tilsetjast i undervisningsstillingar på ulike årstrinn og i ulike skoleslag.

### § 10-2 Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag[93]

Tilsette som skal undervise, må ha relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i.

Departementet gir nærmare forskrifter om krav til relevant kompetanse for dei som skal undervise på ulike årstrinn og i ulike skoleslag. Departementet kan i forskrift også fastsetje at det ikkje skal stillast krav om relevant kompetanse i enkelte fag.

Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag gjeld ikkje for den som er mellombels tilsett etter § 10-6 eller etter arbeidsmiljølova, eller den som er tilsett på vilkår etter § 10-6a.

Skoleeigar kan, så langt det er nødvendig, fråvike kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag i tilfelle der skolen ikkje har nok kvalifisert undervisningspersonale i faget. Det må takast stilling til dette for kvart skoleår.

### § 10-3. Personell ved leirskolar[94]

Undervisningspersonalet ved leirskolar med fast pedagogisk bemanning skal vere tilsett i den kommunen der leirskolen ligg. Departementet kan gi forskrifter om kompetansekrav for personalet ved faste leirskolestader.

---

[88] Tilføyd ved lov 21 juni 2013 nr. 98 (I kraft 1 august 2013).
[89] Føyd til med lov 20 des 2002 nr. 112 (i kraft 1 april 2003, etter res. 20 des 2002 nr. 1735), 21 juni 2013 nr. 98 (I kraft 1 august 2013).
[90] Føyd til med lov 20 des 2002 nr. 112 (i kraft 1 april 2003, etter res. 20 des 2002 nr. 1735), 21 juni 2013 nr. 98 (I kraft 1 august 2013).
[91] Endret ved lov 24. juni 2011 nr 37. ( i kraft 01.08.2011)
[92] Endra med lover 17 juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660), 22. juni 2013 nr. 53 (i kraft 01.01.2014).
[93] Oppheva med lov 27. juni 2003 nr. 69 (i kraft 01.01.2004). Føyd til med lov 22. juni 2013 nr. 53 (i kraft 01.01.2014). Endra med lov 19. juni 2015 nr. 76 (i kraft 01.08.2015).
[94] Endra med lov 17 sep 1999 nr. 74 (i kraft 17 sep 1999, etter res. 17 sep 1999 nr. 1011).

## § 10-4 Utlysing av stillingar[95]

Undervisningsstillingar og rektorstillingar skal lysast ut offentleg. Kravet om slik utlysing gjeld ikkje for stillingar som er ledige for eit kortare tidsrom enn seks månader, eller når arbeidsgivaren skal tilby stillinga til ein arbeidstakar eller tidlegare arbeidstakar i verksemda med heimel i arbeidsmiljøloven § 14-2 om førerett til ny tilsetjing, § 14-3 om førerett for tilsette som arbeider deltid eller § 15-7 om oppseiingsvern.

## § 10-5. Val mellom fleire søkjarar

Når ein må velje mellom fleire søkjarar til den same stillinga, skal det leggjast vekt på utdanning og praksis, kva undervisningsbehov tilsetjinga skal ta sikte på å dekkje, og kor kvalifisert søkjaren elles er for stillinga.

## § 10-6. Mellombels tilsetjing[96]

Dersom det ikkje er søkjarar som fyller kompetansekrava for tilsetjing i § 10-1, kan andre tilsetjast mellombels. Med mindre det er avtalt ein kortare tilsetjingsperiode, skal tilsetjinga vare til og med 31. juli.

## § 10-6a Tilsetjing på vilkår[97]

Dersom det ikkje er søkjarar som fyller kompetansekrava for tilsetjing i § 10-1, kan ein annan søkjar som er i gang med relevant utdanning, tilsetjast på det vilkår at utdanninga blir fullført. Arbeidsgivar og arbeidstakar avtaler lengda på tilsetjinga på vilkår, under omsyn til omfanget av stillinga, lengda på utdanninga og kor tilgjengeleg utdanningstilbodet er. Dersom vilkåra ikkje blir oppfylte, gjeld reglane i arbeidsmiljøloven § 14-9 om avslutning av arbeidsforhold ved mellombels tilsetjing.

## § 10-7. Praksisplassar i skolen

Departementet kan i det enkelte tilfellet eller i forskrifter gi pålegg om at kommunar eller fylkeskommunar skal gi studentar frå universitet og høgskolar praksisopplæring og rettleiing i skolen, og om val av den som skal stå for praksisopplæringa.

## § 10-8 Kompetanseutvikling[98]

Skoleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skoleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skoleleiarar og personale med særoppgåver i skoleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet.

## § 10-9 Politiattest[99]

Den som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen eller i vidaregåande skole, i musikk- og kulturskolen etter § 13-6, i skolefritidsordninga etter § 13-7 eller for å gi leksehjelp etter § 13-7 a, må leggje fram politiattest med tilsvarande innhald som er nemnd i politiregisterlova § 39 første ledd. Kravet gjeld også for personar som skal tilsetjast fast eller mellombels i skoleliknande

---

[95] Endra med lov 17. juni 2005 nr. 62 (i kraft 1. jan. 2006, etter res. 17 juni 2005 nr. 609), 25. juni 2010 nr. 49 ( i kraft 01.08.2010).
[96] I kraft 27 nov 1998 (etter res 27 nov 1998 nr. 1096). Endre med lov 22. juni 2013 nr. 53 (i kraft 01.01.2014).
[97] Føyd til med lov 22. juni 2013 nr. 53 (i kraft 01.01.2014).
[98] Endra med lov 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660).
[99] Endra med lov 17 juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660), 24. juni 2011 nr. 37 (i kraft 01.08.2011).

aktivitetstilbod. Skoleliknande aktivitetstilbod vil seie aktivitetstilbod i regi av skoleeigaren med tilknyting til skolen, og som har karakter av opplæring.

Skoleeigaren kan også krevje politiattest som nemnd i politiregisterlova § 39 første ledd av andre personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen, i vidaregåande skole eller i tilbod som nemnd i første ledd.

Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, kan ikkje tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen eller i musikk- og kulturskolen, i skolefritidsordninga, for å gi leksehjelp eller i skoleliknande aktivitetstilbod som nemnd i første ledd. I andre tilfelle må konsekvensane av merknader på politiattesten vurderast konkret.

Departementet gir nærmare forskrifter.

### § 10-10. Tariffavtalar om lønns- og arbeidsvilkår

For stillingar som går inn under denne lova, blir lønns- og arbeidsvilkåra fastsette i tariffavtale. Kongen i statsråd fastset kven som skal forhandle med dei tenestemannsorganisasjonane som har rett til å forhandle om lønns- og arbeidsvilkår.

### § 10-11 Personale som ikkje er tilsett i undervisningsstilling og som skal hjelpe til i opplæringa[100]

Personale som ikkje er tilsett i undervisningsstilling etter § 10-1 eller § 10-6 kan hjelpe til i opplæringa dersom dei får nødvendig rettleiing. Slik hjelp må berre skje på ei slik måte og i eit slikt omfang at eleven får forsvarleg utbytte av opplæringa. Personale som ikkje er tilsett i undervisningsstilling, skal ikkje ha ansvaret for opplæringa.

## Kapitel 11 Organ for brukarmedverknad i skolen

### § 11-1 Samarbeidsutval ved grunnskolar[101]

Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.

Dersom samarbeidsutvalet får delegert styringsoppgåver frå kommunen, kan kommunen nemne opp fleire representantar til utvalet. Kommunen kan nemne opp samarbeidsutvalet som styre for skolen etter § 11 og § 20 nr. 4 i kommunelova. Dersom kommunen nemner opp eit anna styre for skolen enn samarbeidsutvalet, skal minst to representantar for foreldrerådet vere med i styret. Inga av gruppene elevar, tilsette eller foreldre kan ha fleirtal i styret aleine. Rektor har rett til å møte, tale og komme med framlegg.

Kommunen kan skipe eit felles samarbeidsutval for grunnskole og kommunal barnehage. Etter avtale kan ei tilsvarande ordning etablerast mellom privat barnehage og kommunal skole. Utvalet skal ha to representantar for elevane, ein representant for undervisningspersonalet, ein representant for andre tilsette i skolen, to representantar for dei tilsette i barnehagen, to representantar for foreldrerådet i skolen og to representantar for foreldrerådet i barnehagen. I tillegg til dei representantane for kommunen som følgjer av første og tredje leddet, kan eigaren av barnehagen nemne opp inntil to medlemmer.

[100] Tilføyd ved lov 21 juni 2013 nr. 98 (I kraft 1 august 2013).
[101] Endra med lov 16. april 1999 nr. 18 (i kraft 1. juli 1999, etter res. 16. april 1999 nr. 388).

## § 11-1a Skolemiljøutval ved grunnskolar[102]

Ved kvar grunnskole skal det vere eit skolemiljøutval. I skolemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte. Skolemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skolemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skolemiljøutval, må det oppnemnast tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.

Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av lovfesta teieplikt blir behandla i skolemiljøutvalet. Når elevane ikkje er til stades, skal foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarande bortfallet av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foreldrerepresentantar aukast tilsvarande.

Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, jf. kapittel 9a

## § 11-2 Elevråd ved grunnskolar[103]

Ved kvar grunnskole skal det for årstrinna 5¿7 og for årstrinna 8¿10 vere eit elevråd med representantar for elevane. Kommunen fastset talet på elevrepresentantar. Representantane skal veljast seinast tre veker etter at skolen har teke til om hausten.

Ein medlem av undervisningspersonalet på skolen skal ha som oppgåve å hjelpe elevrådet i arbeidet. Denne elevrådskontakten har møte- og talerett i elevrådet.

Leiaren for elevrådet kan kalle inn til møte i rådet i samråd med elevrådskontakten. Rådet skal i alle høve kallast inn når ein tredel av medlemmene i rådet eller rektor krev det.

Elevrådet skal fremje fellesinteressene til elevane på skolen og arbeide for å skape godt lærings- og skolemiljø. Rådet skal også kunne uttale seg i og komme med framlegg i saker som gjeld nærmiljøet til elevane.

## § 11-3

(Oppheva med lov 27. juni 2003 nr. 69 (i kraft 1. aug. 2003 etter res. 27. juni 2003 nr. 774).)

## § 11-4 Foreldreråd ved grunnskolar

På kvar grunnskole skal det vere eit foreldreråd der alle foreldre som har barn i skolen, er medlemmer.

Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape godt skolemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skolen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skolen og lokalsamfunnet.

Foreldrerådet vel eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet vel to representantar med personlege vararepresentantar til samarbeidsutvalet. Leiaren for arbeidsutvalet skal vere den eine av representantane.

## § 11-5 Skoleutval ved vidaregåande skolar[104]

Ved kvar vidaregåande skole skal det vere eit skoleutval med representantar for dei tilsette og fylkeskommunen og to representantar valde av elevrådet. Rektor ved skolen skal vere representant for fylkeskommunen.

---

[102] Føyd til ved lov 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660).
[103] Endra med lov 17 sep 1999 nr. 74 (i kraft 17 sep 1999, etter res. 17 sep 1999 nr. 1011).
[104] Endra med lov 16. april 1999 nr. 18 (i kraft 1. juli 1999, etter res. 16. april 1999 nr. 388).

Skoleutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.

Fylkeskommunen kan nemne opp skoleutvalet som styre for skolen etter § 11 og § 20 nr. 4 i kommunelova. Dersom fylkeskommunen nemner opp eit anna styre for skolen enn skoleutvalet, skal minst to representantar for elevrådet vere med i styret. Inga av gruppene elevar eller tilsette kan ha fleirtal i styret aleine.

Rektor har rett til å møte, tale og komme med framlegg.

## § 11-5a Skolemiljøutval ved vidaregåande skolar[105]

Ved kvar vidaregåande skole skal det vere eit skolemiljøutval. I skolemiljøutvalet skal elevane, dei tilsette, skoleleiinga og fylkeskommunen vere representerte. Skolemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane er i fleirtal.

Skoleutvalet kan sjølv vere skolemiljøutval. Når skoleutvalet fungerer som skolemiljøutval, må det oppnemnast ein eller fleire tilleggsrepresentantar for elevane, slik at dei får fleirtal.

Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette og elevane tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, jf. kapittel 9a.

## § 11-6 Elevråd og allmøte ved vidaregåande skolar

Ved kvar vidaregåande skole skal det vere eit elevråd med minst ein medlem for kvar tjuande elev. Elevrådet blir valt ved skriftleg røysting.

Elevrådet skal blant anna arbeide for læringsmiljøet, arbeidsforholda og velferdsinteressene til elevane.

Dersom elevrådet eller ein femdel av elevane ønskjer det, skal det haldast allmøte for elevane på skolen. Elevrådet er bunde av vedtak i allmøte i saker som er nemnde i innkallinga til møtet når meir enn halvparten av elevane på skolen er til stades og røystar.

## § 11-7 Fellesreglar

Råda og utvala etter reglane i §§ 11-1 til 11-6 vel sjølv leiar og nestleiar. Dei vel også sekretær.

## § 11-8 Elevrepresentantar i fylkeskommunale nemnder

Representantar for elevane i vidaregåande opplæring har møte- og talerett i fylkeskommunale nemnder etter tilsvarande reglar som gjeld tilsette, jf. § 26 i kommunelova.

## § 11-9 Foreldreutvalet for grunnopplæringa

Kongen i statsråd nemner opp Foreldreutvalet for grunnopplæringa. Utvalet skal ha leiar, nestleiar og fem andre medlemmer. Funksjonstida er fire år. Departementet gir nærmare forskrifter om omfanget av og innhaldet i arbeidet til Foreldreutvalet.

## § 11-10 Dispensasjon

Departementet kan i særlege tilfelle gjere unntak frå reglane i §§ 11-1 til 11-7.

# Kapitel 12 Organ knytte til fagopplæring i bedrift

## § 12-1 Organ for samarbeid om fag- og yrkesopplæringa[106]

Departementet nemner opp eit organ for samarbeid om fag- og yrkesopplæringa. Organet skal hjelpe departementet med råd og ta initiativ for å fremje fag- og yrkesopplæringa. Organet skal ha

[105] Føyd til med lov 17 juni 105 nr. 2005 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660).

representantar for partane i arbeidslivet og for departementet. Departementet fastset samansetjinga av og oppgåvene til organet.

## § 12-2 Faglege råd[107]

Departementet nemner opp faglege råd for fag- og yrkesopplæringa. Kvart fag eller fagområde som kan ha læretid i bedrift, skal vere knytt til eit fagleg råd. Departementet avgjer etter framlegg frå organet for samarbeid om fag- og yrkesopplæringa kva for faglege råd som skal skipast, storleiken på råda, kva for fagleg felt det enkelte rådet skal dekkje og reglement for oppgåvene til råda.

## § 12-3 Yrkesopplæringsnemnder og yrkesutval[108]

Fylkeskommunen nemner opp yrkesopplæringsnemnd med oppgåver etter §§ 4-3, 12-3 og 12-4.

Nemnda skal ha medlemmer med personlege varamedlemmer som til saman skal ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål. Det skal i alle høve nemnast opp medlemmer frå partane i arbeidslivet etter forslag frå arbeidstakarorganisasjonane og etter forslag frå arbeidsgivarorganisasjonane. Partane i arbeidslivet skal ha fleirtal i nemnda. Dessutan skal det nemnast opp minst éin representant for elevar, lærlingar eller lærekandidatar etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse. Fylkeskommunen kan be lærarorganisasjonane om forslag til medlemmer i nemnda.

Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Funksjonstida til nemnda er den same som for fylkestinget. Representantane for elevane, lærlingane og lærekandidatane blir oppnemnde for to år om gongen.

Fylkeskommunen skal førebu dei sakene nemnda skal behandle

Departementet kan gi nærmare forskrifter om arbeidet i nemnda.

Nemnda skal nemne opp eit rådgivande yrkesutval for kvart av faga eller fagområda, eller nytte prøvenemnda som yrkesutval. Departementet kan gi forskrifter om samansetjinga av og verksemda til yrkesutvala.

Kommunelova § 14 nr. 1 bokstav a gjeld ikkje for oppnemning av medlemmer til yrkesopplæringsnemnda.

## § 12-4 Oppgåvene til yrkesopplæringsnemnda[109]

Yrkesopplæringsnemnda skal fremje behov hos og synspunkt frå arbeidslivet overfor fylkeskommunane.

Yrkesopplæringsnemnda skal i form av vedtak uttale seg i saker som fylkeskommunen etter § 4-8 er pliktig til å leggje fram for nemnda. Dette gjeld mellom anna saker om godkjenning av lærebedrifter og tap av godkjenning, og om fylkeskommunens kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for å heve kvaliteten av heile fag- og yrkesopplæringa. Yrkesopplæringsnemnda skal særleg
- fremje forslag til organisering, arbeidsmåtar og strategiar for å utvikle kvaliteten av fag- og

---

[106] Endra med lover 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645), 2. juli 2004 nr. 69 (i kraft 1. september 2004, etter res. 2 juli 2004 nr. 1064).
[107] Endra med lover 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645), 2. juli 2004 nr. 69 (i kraft 1. september 2004, etter res.2 juli 2004 nr. 1064).
[108] Endra med lover 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 645), 29 juni 2007 nr. 91 (i kraft 1 nov 2007, etter res. 29 juni 2007 nr. 758).
[109] Endra med lover 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645), 2. juli 2004 nr. 69 (i kraft 1. september 2004, etter res. 2 juli 2004 nr. 1064), 29 juni 2007 nr. 91 (i kraft 1 nov 2007, etter res. 29 juni 2007 nr. 758). .

yrkesopplæringa
- vurdere og uttale seg om rutinane i fylkeskommunen for å sikre kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa
- vurdere korleis partane i arbeidslivet skal bidra til kvalitetsutvikling og -sikring i fag- og yrkesopplæringa
- vurdere korleis samhandlinga mellom skolar og lærebedrifter kan betrast
- vurdere korleis kompetanseutvikling kan sikrast.

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbod.

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for at rådgivinga om fag- og yrkesopplæring blir best mogleg, og foreslå tiltak der ho finn det nødvendig.

Yrkesopplæringsnemnda skal gi råd om korleis utvikling av fag- og yrkesopplæringa og samhandling mellom skolar og bedrifter kan medverke til regional utvikling, mellom anna utvikling av nye verksemder og arbeidsplassar

Yrkesopplæringsnemnda kan gi fylkeskommunen fullmakt til å gjere den faglege vurderinga av bedrifter eller til å utføre andre oppgåver som etter lov eller forskrift er lagde til yrkesopplæringsnemnda.

### § 12-5. Læreplangrupper[110]

Departementet nemner opp læreplangrupper som skal hjelpe til i arbeidet med å fastsetje innhaldet i opplæringa i fag eller arbeidsområde som har læretid i bedrift.

Departementet skal syte for at både arbeidslivet og skolesida får ta del i arbeidet med nye læreplanar.

### § 12-6. Klagenemnd for fag- og sveineprøver[111]

Departementet nemner opp klagenemnder som er klageinstans for klager på vedtak om ikkje bestått fag- eller sveineprøve. Kvar nemnd skal ha tre medlemmer. To av medlemmene skal ha fagutdanning. Departementet fastset kven som skal vere leiar og nestleiar.

Når det skal oppnemnast klagenemnder for fag- og sveineprøver, skal det faglege rådet for faget gi innstilling.

Medlemmene med personlege vararepresentantar, blant anna leiar og nestleiar, blir oppnemnde for fire år om gongen.

### § 12-7. Medlemmer av organ, råd og nemnder[112]

Den som blir oppnemnd eller vald som medlem av organet for samarbeid om fag- og yrkesopplæringa, av faglege råd, av prøvenemnder eller klagenemnder, er pliktig til å ta imot vervet. Medlemmer kan likevel krevje seg fritekne for ny oppnemning i like lang tid som dei har gjort samanhengande teneste. Den som har fylt seksti år, kan krevje seg friteken.

## Kapitel 13 Ansvaret til kommunen, fylkeskommunen og staten

Kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for samarbeid med foreldre, høvesvis i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Organiseringa av foreldresamarbeidet skal ta omsyn til lokale tilhøve. Departementet gir nærmare forskrifter.

---

[110] Endra med lov 2. juli 2004 nr. 69 (i kraft 1. september 2004, etter res. 2 juli 1004 nr. 1064).
[111] Endra med lov 2. juli 2004 nr. 69 (i kraft 1. september 2004, etter res. 2 juli 2004 nr. 1064).
[112] Endra med lov 2. juli 2004 nr. 69 (i kraft 1. september 2004, etter res. 2 juli 2004 nr. 1064).

## § 13-1. Plikt for kommunen til å sørgje for grunnskoleopplæring[113]

Kommunen skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring etter denne lova for alle som er busette i kommunen. Ansvaret gjeld ikkje elevar og andre som fylkeskommunen har ansvaret for etter §§ 13-2, 13-2 a og 13-3a.

Departementet gir forskrifter eller pålegg i enkelttilfelle om kven som skal reknast som busett i kommunen, og om refusjon av utgifter som andre kommunar har til grunnskoleopplæring.

Offentlege grunnskolar skal vere kommunale. I særlege tilfelle kan staten eller fylkeskommunen drive grunnskolar. Fylkeskommunen må ha godkjenning frå departementet.

Kommunen skal ha skolefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen over skolenivået.

## § 13-2 Plikt for fylkeskommunen til å sørgje for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring i institusjonar etter barnevernlova[114]

Når det blir gjort vedtak om plassering i institusjon etter barnevernlova, er det den fylkeskommunen der institusjonen ligg som har ansvaret for å oppfylle retten til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring etter lova her. Fylkeskommunen der institusjonen ligg har rett til refusjon av utgifter til opplæringa frå fylkeskommunen der barnet eller den unge er busett på det tidspunktet det blir gjort vedtak om plassering, etter satsar fastsett av departementet.

Ansvaret omfattar barn og unge i institusjonar i fylkeskommunen som barne-, ungdoms- og familieetaten har ansvaret for etter barnevernlova § 5-1, og barn og unge i private og kommunale institusjonar som er godkjende etter barnevernlova § 5-8. Dersom opplæringa skjer i institusjonen, skal institusjonen sørgje for nødvendige lokale til formålet.

Departementet gir forskrifter om refusjon av utgifter til opplæring av barn og unge frå andre fylkeskommunar.

## § 13-2 a Plikt for fylkeskommunen til å sørgje for grunnskole- og vidaregåande opplæring i fengsel[115]

Fylkeskommunen har ansvaret for å oppfylle retten til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring etter denne lova for innsette i fengsel innanfor vedkommande fylkeskommune.

Når opplæringa skjer i fengsel, skal kriminalomsorga sørgje for nødvendige lokale til formålet.

## § 13-3 Plikt for fylkeskommunen til å sørgje for vidaregåande opplæring[116]

Fylkeskommunen skal oppfylle retten til vidaregåande opplæring etter denne lova for alle som er busette i fylkeskommunen.

Fylkeskommunar som har ledig kapasitet, har plikt til å gi tilbod til søkjarar frå andre fylke. Heimfylket skal refundere utgiftene til vertsfylket for dei som får skoleplass i eit anna fylke enn der dei bur. Departementet gir forskrift om slik refusjon.

Fylkeskommunen skal gi tilbod til søkjarar utan rett etter § 3-1 eller § 4A-3.

---

[113] Endra med lover 31. jan. 2003 nr. 10, 20. juni 2014 nr. 54 (i kraft 01.08.2014), 17. juni 2016 nr. 65 (01.08.2016).

[114] Endra med lover 12 april 2002 nr. 10, 9 mai 2003 nr. 29 (i kraft 1 jan 2004, etter res. 9 mai 2003 nr. 596), 16 jan 2004 nr. 6 (i kraft 1 jan 2004), 30 juni 2006 nr. 57 (i kraft 1 jan 2007, etter res. 30 juni 2006 nr. 764), 14 des 2007 nr. 115 (i kraft 1 jan 2008, etter res. 14 des 2007 nr. 1438), 19. juni 2015 nr. 76 (i kraft 01.08.2015), 17. juni 2016 nr. 65 (01.08.2016).

[115] Tilføyd ved lov 20. juni 2014 nr. 54 (i kraft 01.08.2014).

[116] Endra med lover 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 645), 17 juni 2005 nr. 105 (i kraft 17. juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr.660), 20. juni 2014 nr. 54 (i kraft 01.08.2014), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

Departementet gir forskrifter eller pålegg i enkelttilfelle om kven som skal reknast som busett i fylkeskommunen. Departementet kan påleggje fylkeskommunen å setje i gang vidaregåande opplæringstilbod som omfattar søkjarar frå andre fylke.

Fylkeskommunen skal planleggje og byggje ut det vidaregåande opplæringstilbodet under omsyn til blant anna nasjonale mål, ønska til søkjarane og det behovet samfunnet har for vidaregåande opplæring i alle utdanningsretningar og for ulike aldersgrupper, og under omsyn til ansvaret sitt for opplæring i fengsel og i sosiale og medisinske institusjonar og behovet for spesialundervisning. Fylkeskommunen skal gi tilbod om praksisbrev.

Offentlege vidaregåande skolar skal vere fylkeskommunale. I særlege tilfelle kan staten eller ein kommune drive vidaregåande skolar. Kommunen må ha godkjenning frå departementet.

## § 13-3a Plikt for fylkeskommunen til å sørgje for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring i helseinstitusjonar[117]

Fylkeskommunen der ein institusjon ligg, skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring etter lova her for pasientar i helseinstitusjonar som eit regionalt helseføretak eig, og for pasientar i private helseinstitusjonar som har avtale med regionale helseføretak. Fylkeskommunens ansvar gjeld berre for pasientar i insitusjonsplassar som regionale helseføretak finansierer. Dersom opplæringa skjer i insitusjonen, skal insitusjonen sørgje for nødvendige lokale til formålet.

Departementet kan gi nærmare forskrifter eller pålegg i enkelttilfelle om ansvaret til fylkeskommunen.

Fylkeskommunen der ein institusjon ligg, har rett til refusjon av utgifter til opplæringa frå fylkeskommunen der pasienten var busett på det tidspunktet pasienten vart innlagd. Refusjonsretten er avgrensa til å gjelde pasientar i institusjonar som tilbyr tverrfagleg, spesialisert behandling for rusmiddelavhengige og pasientar i institusjonar innanfor det psykiske helsevernet.

Departementet gir forskrifter om refusjon av utgifter til opplæring av pasientar frå andre fylkeskommuna.

## § 13-3b Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å sørgje for ulykkesforsikring[118]

Kommunen og fylkeskommunen pliktar å sørgje for ulykkeforsikring for elevane. Departementet kan gi nærmare forskrift om ulykkesforsikring.

## § 13-3d Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å sørgje for foreldresamarbeid[119]

[120]Kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for samarbeid med foreldre, høvesvis i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Organiseringa av foreldresamarbeidet skal ta omsyn til lokale tilhøve. Departementet gir nærmare forskrifter.

---

[117] Føyd til med lov 12. april 2002 nr. 10. Endra med lov 16. jan. 2004 nr. 6 (i kraft 1. jan. 2004), lov 30. juni 2006 nr. 57. Vert endra med lov 30 juni 2006 nr. 57 (i kraft jan 2007, etter res. 30 juni 2006 nr. 764), 19. juni 2009 nr. 94 (i kraft 01.08.2009 ), 17. juni 2016 nr. 65 (01.08.2016).

[118] I kraft 1.juli 2008 ved LOV 2007-06-29 nr. 91, etter res. 29.juni 2007 nr. 758. Jfr. lov 10 feb 1967 § 2 og kap. VII.

[119] Tilføyd ved lov 19. juni nr 94 (ikraft 01.08.2009 etter res. 19. juni nr. 675)

[120] Tilføyd ved lov 19. juni nr 94 (ikraft 01.08.2009 etter res. 19. juni nr. 675)

## § 13-3c Plikt for fylkeskommunen til å sørgje for rettleiing og kvalitetsutviklingstiltak[121]

Fylkeskommunen skal etter oppdrag frå departementet rettleie om og medverke til kvalitetsutviklingstiltak som m.a. kan gi god samanheng mellom grunnskole og vidaregåande opplæring. Departementet kan gi nærmare forskrifter om desse oppgåvene.

## § 13-4 Ansvaret for skoleskyss m.m.[122]

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg.

Departementet kan gi forskrifter om heimreiser, reisefølgje og opphald for dei som må innlosjerast for å få hjelp eller opplæring etter denne lova, dessutan forskrifter om skoleskyss og skyssgodtgjersle og heimfylket sitt ansvar for å refundere utgifter til skyss i samband med vidaregåande opplæring i eit anna fylke.

## § 13-5 Opphevd 01.08.2014[123]

## § 13-6. Musikk- og kulturskoletilbod[124]

Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles.

For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.

## § 13-7 Skolefritidsordninga[125]

Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Skolefritidsordninga skal ha vedtekter om

a. eigarforhold
b. kven som er opptaksmyndigheit
c. opptakskriterium
d. opptaksperiode og oppseiing av skolefritidsplassen
e. foreldrebetaling

---

[121] Føyd til med lov 9 jan 2009 nr. 4 (i kraft 1 jan 2010) som endra med lov 19 juni 2009 nr. 94.

[122] Endra med lover 12. april 2002 nr. 10 (i kraft 1. jan. 2003, etter res. 12. april 2002 nr. 349), 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660), 17. juni 2016 nr. 65 (01.08.2016).

[123] Tilføyd ved lov 20.juni 2008 nr. 48 - i kraft 1. august 2008. Opphevd ved lov 20. juni 2014 nr. 54 (i kraft 01.08.2014).

[124] Endra ved lov 25. juni 2010 nr. 49 ( i kraft 01.08.2010), 24. juni 2011 nr. 37 ( i kraft 01.08.2011)

[125] Endra med lover 27. juni 2003 nr. 69 (i kraft 1. aug. 2003 etter res. 27. juni 2003 nr. 774), 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660), 25. juni 2010 nr. 49 ( i kraft 01.08.2010), 24. juni 2011 nr. 37 ( i kraft 01.08.2011).

f. leike- og opphaldsareal
g. dagleg opphaldstid og årleg opningstid
h. bemanning og leiing

Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere leiar. Departementet kan gjere unntak frå kravet.

Kommunen kan krevje utgiftene til skolefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.

Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skolefritidsordning, dersom dei elles oppfyller vilkåra i denne paragrafen. Kommunen fører tilsyn med private skolefritidsordningar.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om skolefritidsordninga.

## § 13-7a Plikt for kommunen til å ha tilbod om leksehjelp[126]

Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.

Tilbodet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.

For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.

Departementet gir nærmare forskrifter om leksehjelptilbodet.

## § 13-8. Oslo kommune

Oslo kommune har også dei rettane og pliktene som i denne lova ligg på fylkeskommunen.

## § 13-9. Tilskot frå staten

Staten gir tilskot til å dekkje delar av utgiftene til kommunane og fylkeskommunane. Tilskotet blir normalt gitt som eit rammetilskot etter reglar gitt av departementet.

## § 13-10 Ansvarsomfang[127]

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllast.

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane.

[126] Tilføyd ved lov 25. juni 2010 nr. 49 ( i kraft 01.08.2010). Endret ved lover 24. juni 2011 nr 37 ( i kraft 01.08.2011), 20. juni 2014 nr. 54 (i kraft 01.08.2014).

[127] Føyd til med lov 27. juni 2003 nr. 69 (i kraft 1. aug. 2003 etter res. 27. juni 2003 nr. 774). Endra med lover 2. juli 2004 nr. 69 (i kraft 1. september 2004, etter res. 2 juli 2004 nr. 1064), 19. juni 2009 nr. 94 (i kraft 01.08.2009 ), 21. juni 2013 nr. 98.

# Kapitel 14 Tilsyn m.m.

## § 14-1 Statleg tilsyn[128]

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova kapittel 1-16 (kommunepliktene). Reglane i kommunelova kapittel 10 A gjeld for denne tilsynsverksemda.
Departementet fører tilsyn med at andre plikter i eller i medhald av opplæringslova enn kommunepliktene blir oppfylte. Reglane i kommunelova §§ 60 c og 60 d gjeld tilsvarande for tilsynsverksemd etter dette leddet.

## § 14-2. Statleg råd og rettleiing[129]

Departementet gir råd og rettleiing i spørsmål som gjeld verksemder etter denne lova, og skal elles samarbeide med kommunar, fylkeskommunar og eigarar av private skolar for å sikre eit godt og likeverdig opplæringstilbod i samsvar med lov og forskrifter.

## § 14-3 Kommunalt tilsyn med heimeopplæring[130]

Kommunen fører tilsyn med den pliktige opplæringa for barn og unge som ikkje går på skole, og kan òg kalle dei inn til særskilde prøver. Kommunen skal krevje at barnet eller den unge skal gå i skole dersom dei krava lova her med forskrifter stiller til heimeopplæringa, ikkje er oppfylte.

## § 14-4 Informasjonsinnhenting og evaluering[131]

Departementet kan gi forskrifter som pålegg dei ansvarlege for opplæringsverksemd etter denne lova og dei som mottar slik opplæring, å gi opplysningar og delta i evalueringar og rapportere om forhold som er av betydning for evaluering av opplæringsverksemda som er omfatta av denne lova.

# Kapitel 15 Bruk av forvaltningslova. Opplysningsplikt m.m.

## § 15-1 Bruk av forvaltningslova

Forvaltningslova gjeld for verksemd som etter lova her blir driven av forvaltningsorgan, med dei særreglane som er fastsette i lova her.

Reglane om teieplikt i §§ 13-13e i forvaltningslova gjeld og for private skolar godkjende etter § 2-12 i lova her.

## § 15-2 Særlege reglar om klageinstans[132]

Departementet er klageinstans for enkeltvedtak i grunnskolen. For enkeltvedtak i personalsaker gjeld likevel reglane om klageinstans i § 28 i forvaltningslova.

---

[128] Endra med lov 4. juli 2003 nr. 84 (i kraft 1. okt. 2003), som vart endra med lov 4. juli 2003 nr. 85, 24.juni 2011 nr. 37 (i kraft 01.08.2011)
[129] Endra ved lov 24. juni 2011 nr. 37 ( i kraft 01.08.2011)
[130] Tilføyd ved lov 24. juni 2011 nr. 37 ( i kraft 01.08.2011)
[131] Tilføyd ved lov 24. juni 2011 nr.37 (i kraft 01.08.2011)
[132] I kraft 1. aug. 1999, etter res. 27. nov. 1998 nr. 1096, men straks for enkeltvedtak og forskrifter som fastset rettar og plikter for elevane/lærlingane frå og med skoleåret 1999-2000. Endra med lover 30. juni 2000 nr. 63 (i kraft 1. aug. 2000, etter res. 30. juni 2000 nr. 645), 16. jan. 2004 nr. 6 (i kraft 1. jan. 2004), 17. juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660). § 15-2 fjerde ledd opphevet ved lov 29. juni 2007 nr. 91 (i kraft 1. august 2007, etter res. 29 juni 2007 nr. 758), 22. juni 2012 nr. 53 (i kraft 01.08.2012 iflg res 22.06.2012 nr. 582), 21 juni 2013 nr. 98 (I kraft 1 august 2013), 17. juni 2016 nr. 65 (01.08.2016), 17. juni 2016 nr. 67 (i kraft 01.08.2016).

Departementet er klageinstans for enkeltvedtak om inntak og spesialundervisning i den vidaregåande opplæringa, enkeltvedtak om tap av retten til vidaregåande opplæring etter § 3-8 og § 4-6, enkeltvedtak om opplæring i inntil to år ekstra etter § 3-1 femte ledd, enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter § 3-12 og enkeltvedtak om fysiske og psykososiale miljøforhold etter § 9a-2 og § 9a-3.

I samband med klage på inntak til vidaregåande opplæring kan departementet ikkje overprøve eit vedtak i fylkeskommunen om kva for utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 eller programområde på vidaregåande trinn 2 og 3, eller kva for skole ein søkjar skal takast inn på. For slike vedtak og for vedtak om inntak av gjesteelevar gjeld reglane om klageinstans i § 28 i forvaltningslova. Departementet er klageinstans for enkeltvedtak om inntak til eit særskilt utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 på grunnlag av sakkunnig vurdering.

## § 15-3 Opplysningsplikt til barneverntenesta

Personalet i skolar etter denne lova skal i arbeidet sitt vere på vakt overfor forhold som kan føre til tiltak frå barneverntenesta.

Utan hinder av teieplikta skal personalet av eige tiltak gi opplysningar til barneverntenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller når det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt, jf. §§ 4-1 til 4-12 i lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntenester, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, jf. § 4-24 i den same lova. Også etter pålegg frå dei organa som er ansvarlege for å gjennomføre lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntenester, skal personalet gi slike opplysningar.

## § 15-4 Opplysningsplikta til sosialtenesta

Personalet i skolar etter denne lova skal i klientsaker gi råd og rettleiing til sosialtenesta. Personalet skal vere på vakt overfor forhold som bør føre til tiltak frå sosialtenesta, og skal av eige tiltak gi sosialtenesta opplysningar om slike forhold. Av eige tiltak kan opplysningar berre givast med samtykke frå eleven, eventuelt frå foreldra, eller så langt opplysningane elles kan givast utan hinder av teieplikta.

## § 15-5 Plikt til å delta i arbeidet med individuell plan[133]

Skolen skal, når det er nødvendig for å ivareta elevanes behov for eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod, delta i samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i individuell plan heimla etter anna lov og forskrift.

## § 15-6 Rett til å ta avgjerder på vegner av barnet når barnevernstenesta har overteke omsorga[134]

Dersom barnevernstenesta har overteke omsorga etter barnevernlova §§ 4-8 eller 4-12, har barnevernstenesta rett til å ta avgjerder på vegner av barnet. Tilsvarande gjeld ved vedtak om flytteforbod etter barnevernlova § 4-8 og vedtak om plassering etter barnevernlova § 4-6 andre ledd.

Det er likevel foreldra til barnet som har rett til å velje privat skole, jf. § 2-1, samtykke til fritak frå heile opplæringsplikta, jf. § 2-1, velje målform, jf. § 2-5, krevje fritak frå delar av undervisninga med omsyn til religion eller livssyn, jf. § 2-3a og krevje opplæring i finsk og i og på samisk, jf. §§ 2-7 og 6-2.

[133] Tilføyd ved lov 21 juni 2013 nr. 98 (I kraft 1 august 2013).
[134] Føyd til med lov 19. juni 2015 nr. 76 (i kraft 01.08.2015).

# Kapitel 16 Iverksetjing og overgangsreglar. Endringar i andre lover

## § 16-1. Iverksetjing[135]

Lova setjast i verk frå den tida Kongen fastset. Dei enkelte reglane i lova kan setjast i verk frå ulik tid.

Lova setjast i verk frå den tida Kongen fastset. Dei enkelte reglane i lova kan setjast i verk frå ulik tid.

## § 16-2. Overgangsreglar[136]

Personell i grunnskolen som er tilsett i uoppseieleg stilling når lova blir sett i verk, kan ikkje seiast opp. For dette personellet gjeld framleis § 24 nr. 1 andre leddet og nr. 2 i lov 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen.

For ein periode på fem år frå lova blir sett i verk skal skolar som har skipa ei leiingsordning etter § 17 nr. 4 tredje leddet i lov 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen vere unntatt frå kravet om rektor etter § 9-1 andre leddet.

Retten og plikta til tiårig grunnskole etter § 2-1 gjeld barn som er fødde i 1991 og seinare. Andre barn og unge har rett og plikt til niårig grunnskole, men rykkjer opp eitt årstrinn, slik at dei avsluttar grunnskolen i 10. årstrinn.

## § 16-3. Oppheving av andre lover

Følgjande lover opphevast: ---

## § 16-4

(Oppheva med lov 17. des. 1999 nr. 97 (i kraft 1. jan. 2000, etter res. 17. des. 1999).)

[135] Frå 1 aug 1999, etter res. 27 nov 1998 nr. 1096.
[136] Endra med lover 17 juni 2005 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660), 20. juni 2008 nr. 48 (i kraft 1. august 2008).